



50 års
Jubileum



KYRKJEBAKKEN

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:
Sokneprest Rune Minde
906 95 377

Kyrkjeverje Leif Arne Økland
40 06 52 31

Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge
40 46 62 11

Kyrkjetenar Gry Haukeland
41 30 85 58

Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Strekteikning av kyrkjene i
Austrheim er laga av Trygve Gjerde.

Innhaldsliste

Innleiing.....	s 3
Helsing frå ordførar Per Lerøy.....	s 4
Helsing frå soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn.....	s 6
Helsing frå prost Helge Taranrød.....	s 7
Oversyn prestar i Austrheim dei siste 50 åra.....	s 8
Andakt v/Jan Ulveseth.....	s 9
Kyrkjebakken 50 år – vi går attende til start v/Knut Risnes...	s 10
Kyrkjebakken 50 år v/Joronn Sæthre.....	s 21
Kyrkjebakken 1984 -91 v/Rolf Sandstad.....	s 22
«Oppsøkende tjeneste» - helsing frå Børge Ryland.	s 32
«Gratulerer» - helsing frå Jan Ulveseth.....	s 36
1992 – 2021 v/Bodil Monslaup og Leif Arne Økland..	s 37
Kortintervju med lesarar v/Helge Dyrkolbotn.....	s 60
Annonsar og etterlysningar i Kyrkjebakken	s 62
Baksida: Kyrkja i flomlys	



Innleiing

Du er no så heldig å halda i handa jubileumsutgåva av Kyrkjebakken si 50 år lange historie. Det vart tidleg klart for oss at dette er eit jubileum som måtte markerast.

Redaksjonsnemda har bestått av to tidlegare ordførarar/redaktørar for bladet, samt ein tidlegare og ein noverande kyrkjeverje. Den noverande kyrkjeverja har såleis vore så heldig at han har fått plukka frå øvste hylle ved val av samarbeidspartar.

Det minste problemet vi har hatt er å få nok stoff til å fylla denne utgåva med. Det er det motsette som har vore tilfelle. Den største utfordringa har vore å kutta ned på stofftilfanget, samstundes som vi skulle få med oss det mest vesentlege. Vi kan difor ikkje garantera at vi har truffe like godt med alle avvegningane på kva som skulle vera med og kva som har blitt utelate.

Vi er stolte av å presentera denne jubileumsutgåva. Faksimilane frå den første tida har til dels dårleg kvalitet. Men dette avspeglar likevel det som var den aktuelle situasjonen på den tida bladet kom ut.

Faktisk så har Kyrkjebakken vore i forkant reint teknisk, noko du til dømes kan lesa om i Rolf Sandstad sitt tilbakeblikk.

Kyrkjebakken har hatt ei rivande utvikling frå den spede starten til det som er dagens situasjon. No vert arbeidet utført av forholdsvis få personar.

Redaksjonen består i dag av Jostein Hauge som redaktør, og redaksjonen elles er Britt Rebnord, Jorunn Kårdal og Leif Arne Økland.

Vi bytte trykkeri frå og med januar 2017, til Trykkservice i Knarvik.

Det har vore eit godt val for oss. Den profesjonelle støtta vi får derifrå gjer at vi kan presentera 9 nummer av Kyrkjebakken årleg, som vi er stolte av. Eit godt produkt har også ført til at bladet no for tida balanserer økonomisk. Våre inntekter er frå annonsar og frivillig abbonement/gåver frå lesarane av bladet.

Det er også Trykkservice som har bistått oss med denne jubileumsutgåva. Ein stor takk til Trykkservice for profesjonell og velvillig hjelp med denne boka.

Austrheim 7.oktober 2021
Knut Risnes, Rolf Sandstad,
Bodil Monslaup, Leif Arne Økland

Kyrkjebakken 50 år

1971 var eit svært spesielt år for Austrheim kommune. Ein kan trygt seie at livet på Austrheim vart endra for alltid det året. Bruene opna og me fekk fast dekke på nesten alle vegane i kommunen. I tillegg fekk me vår eigen ungdomsskule. Desse hendingane kombinert med sterke signal om at det ville koma ei storstilt industriutbygging på Mongstad, snudde stemninga frå pessimisme til optimisme og framtidstru i kommunen. Det førte til at flyttestraumen snudde, no flytta ikkje lengre folk bort frå kommunen, nei stadig fleire unge familiar valde å flytta heim att og etablere seg i kommunen.

Om det var eit resultat av denne nye framtidstrua eller ikkje skal ikkje eg uttala meg om, men nokre sentrale personar rundt Austrheim sokn meinte at det no var på høg tid med eit meldingsblad for soknet. Utpå hausten i 1971 kom det første nummeret. Det står ikkje på bladet kva dato dette første nummeret kom ut, men av teksten forstår ein at det var etter bruopninga 14. august. Eg hugsar godt at dette skjedde og meldingsbladet vart snart svært populært rundt omkring i heimane i kommunen. Bladet hadde slett ikkje berre stoff frå soknet, men

informerte også om ulike hendingar og arrangement rundt om i kommunen. Det vart mellom anna i det første nummeret informert om kva lærarar ein hadde på tre av skulane i kommunen det året og at Austrheim skulemusikk inntil vidare måtte innstilla drifta fordi ein tredjedel av musikantane måtte reisa frå kommunen for å gå vidare i si utdanning. Elles var innslaget om kven som hadde runde dagar, svært populært. Folk syns nok også at det var litt stas å få namnet sitt på trykk, det var ikkje alt for vanleg i dei dagar.

Meldingsbladet stod på sett og vis fram som ei lita lokalavis, med både politiske artiklar og nyhende som kunne ha allmenn interesse. Lesarane vart også oppmoda om å senda inn eigne innlegg til bladet. Meldingsbladet vart ikkje berre populært blant dei fastbuande i kommunen, også utflytta austrheimingar ønskte å få bladet tilsendt for å kunna følgja med på det som skjedde i heimkommunen.

Alt i det første nummeret vart det lyst ut ein namnekonkurranse på det nye bladet og då det femte nummeret kom ut

15. november, hadde redaksjonen bestemt at namnet på bladet skulle vera «Kyrkjebakken». Det var Else Sørensen som kom med namneforslaget og grunngevinga var at kyrkjebakken i eldre tid var møtestaden for folket. Der råka dei kjenningar og der spurde dei nytt. I tillegg vart kunngjerings frå myndighetene lese opp på kyrkjebakken. Redaksjonen meinte at bladet «Kyrkjebakken» skulle vera ein ny møtestad der kontaktar kunne knytast, bruer byggjast og vener finnast.

Første året kom det ut sju nummer av meldingsbladet, det vil seie meir enn eitt nummer i månaden sidan det første nummeret kom ut tidleg på hausten i 1971. I den første redaksjonen sat Reidar Andvik, Bjarne Nordgård, Paul Råkil og Per Einar Sønnesyn. Då det andre nummeret kom ut var redaksjonen utvida med Knut Risnes. Som de ser var mange av våre nye innbyggjarar sentrale då bladet vart starta opp.

Dei to første utgåvene kom i A3-format, mens dei neste fem nummera i 1971 var i A4-format. «Kyrkjebakken» har sidan det første nummeret kom ut i 1971, vore ei viktig informasjonskjelde i kommunen. Bladet har alltid vore gratis og blitt distribuert til alle husstandane i kommunen. Bladet har vore finansiert



av frivillige gåver og alt arbeidet med å produsere bladet har vore gjort på dugnad.

Eg vil takka dei som i 1971 tok initiativ til å starta «Kyrkjebakken». Bladet har vore eit viktig tidsskrift for innbyggjarane i Austrheim og andre som er knytt til kommunen. Eg vil også takka alle dei som gjennom dei siste 50 åra har vore involvert i produksjonen av bladet. Eg er overtydd om at de har levert i tråd med intensjonen bak bladet. «Kyrkjebakken» har vore eit viktig bindeledd i Austrheim kommune i dei 50 åra bladet har eksistert.

**Lukke til med 50-årsjubileet!
Beste helsing Per Lerøy**



Gratulerer med dagen Austrheim!

År etter år har det dumpa ned i postkassar i kommunen vår, år etter år har det vore sendt ut til utflytta austrheimingar og år etter år har frivillige og ansatte stått på for at dette skal skje. Kva snakkar vi om? Jau, at Kyrkjebakken skal nå ut til dei som bur i kommunen vår. Ja, i heile 50 år har dette pågått. I heile 50 år har Kyrkjebakken spreidd informasjon om basarar og andre arrangement, gitt folk ei andakt til glede og trøyst, informert om kven som er gravlagde, vigde og døypte. I 50 år har Kyrkjebakken gjeve informasjon om kven som er konfirmantar, og i alle desse åra har lokale verksemder kunne annonsere i kyrkjelydsbaldet vårt.

Tenk på kva utvikling kommunen har vore gjennom desse 50 åra. Bruer bitt oss saman, nye skular, nye barnehagar, betre vegar, store byggefelt og mange nye innbyggjarar. Også Kyrkjebakken har endra seg desse åra, frå å skrive på smale strimlar og lime teksten på ark, til dagens teknologi der alt vert gjort på data og i trykkeriet i Knarvik. Men målet for bladet er det same, nå ut til alle innbyggjarane med både stort og lite av informasjon,



men viktigast av alt, Guds ord og informasjon om det som skjer i kyrkja vår. Som leiar i soknerådet er eg stolt over det ansatte og ikkje minst frivillige har fått til gjennom desse åra. Mitt ynskje er at Kyrkjebakken også skal bestå i framtida til glede for nye generasjonar av austrheimingar.

**Med helsing
Helge Dyrkolbotn,
leiar i soknerådet**

Kyrkjebakken 50 år



I uminnelege tider har kyrkjebakken vore ein stad der folk i bygdene og i byane å møtest for å frette nytt. «Kyrkjebakken» i Austrheim er ein vital del av denne tradisjonen. Etter kvart som digitale medier utviklar seg skulle ein tru at det ikkje lenger ville vere folk som les eit lokalt kyrkjelydsblad. Men slik er det ikkje.

Eg let meg overraske kor mange som les kyrkjeblada som kjem ut i alle sokn. Også dei som er digitalt aktive likar å få ei bladfyke i postkassen, legge det i hendene og blade seg gjennom. Kven er konfirmantar i år? Og kven har gått bort? Kva skjer i kyrkja? Kva skjer i bygda vår? Kva held folk på med? Kven er presten vår og kva tenkjer han eller ho? Og kanskje glyttar ein på dei mange lokale annonsørane som gjer det mogeleg å lage «Kyrkjebakken».

«Kyrkjebakken» i Austrheim kjem ut med imponerende mange utgåver i året, og er eit fargerikt og flott blad å lese.



Annonsørane fortener takk, og gjer vel i å halde fram på spleiselaget. Og dei som legg bladet i postkassene fortener og stor takk! Likeins Austrheim sokneråd og dei som lagar bladet.

Vi har all grunn til å gratulere «Kyrkjebakken» med sine 50 første flotte år!

**Helge Taranrød
Prost i Nordhordland**

PRESTAR I AUSTRHEIM SOKN DEI SISTE 50 ÅRA

Her tek vi med dei fast tilsette prestane i Austrheim sokn. Inntil kyrkjelova vart innført i 1997 var Austrheim sokn ein del av Lindås prestegjeld. Difor vart prestane tilsette opp til dette tidspunktet nemnt som residerande kapellan. Egon Askvik var den første presten som var både residerande kapellan og etter kvart sokneprest. Endringa som skjedde var at Austrheim sokn fekk sin eigen sokneprest og begrepet «prestegjeld» fall bort. Børge Ryland var den einaste kyrkjelydspresten ein har hatt i Austrheim, sidan han var løna av kommunale og ikkje statlege midlar. I perioden 1993 til 2005 hadde ein med andre ord to prestar som gjorde teneste i Austrheim og Fedje.

HER KJEM OVERSIKTA:

- **Per Einar Sønnesyn** – residerande kapellan - 1971 – 1979
- **Sven Harald Nilsen** - residerande kapellan - 1979 – 1984
- **Anders Skeistrand** - residerande kapellan - 1984 – 1985/86
- **Jan Ulveseth** - residerande kapellan - 1986 – 1996
- **Børge Ryland** - kyrkjelydsprest- 1993 – 2005
- **Egon Askvik** - res.kap/sokneprest- 1996 – 2008
- **Magne Bjørndal** - sokneprest- 2009 – 2013
- **Per Børge Hillestad** - sokneprest- 2014 – 2018
- **Rune Minde** - sokneprest- 2019 -

7. juni 1996

Andakt

Mange av oss blir storleg imponert når vi ser ein god slalåmskjører danse ned skiløypene i stor fart. Den som meistrar kunsten veit at, ved siden av mykje øving, handlar det mest av alt om å plassera tyngdepunktet rett. Då kan dei klara det meste.

Preiketeksta til helga handlar om å plassera tyngdepunktet rett! Folkemengden ville at Jesus skulle gripa inn å hjelpa å fordela rikdomene ilom dei. Då som no sloss dei om å få mest. Og då som no vart dei tydelegvis uvener for livstid, sjølv om dei eigenlig sto kvarandre nært!

Men Jesus viser ein annan veg. Det er ikkje rikdom på pengar, eller eige- dom e.l. som gjev livet innhald og meining.

Det er å vera rik i Gud! Det er det som er det rette tyngdepunkt i livet. Vil vi høyra det? Vil vi høyra at det er viktigare å vera rik i Gud enn å ha god råd og ein sikker økonomi? Men det er dette Herren seier. Bruk ikkje opp tida di, kreftene dine, engasjementet ditt på å samla deg rikdomer, - gods og gull. Men bruk deg sjølv til å samle livsinnhald fra Gud.

Kva er dei rikdomane Gud gjev?

Dei er fred i hjarta, tilgjeving for synd og oppreising i nederlag. Dei er livs- mot og framtidshåp. Dei er tenesteiver og utrustning. Gud gjev mykje, mykje til den som søker han og er stille for han. Det er plent umulig å få det han gjev samstundes som kampen for dei andre rikdomane går for fullt. Vi må beint fram velga. Velga å gje Gud rom i våre liv, -slik at han kan gje oss rikdommar han har for oss.

Velga å gje Gud rom i andaktsliv og i gudstenestliv og i kristent fellesskap. Då vil det vera ein og annan “jordisk rikdom” vi må la gå frå oss. Men fattige vert vi ikkje. Ikkje i vår del av verda, og ikkje når vi ligg i Guds omsorg. Men på Guds nærleik i livet vil vi verta rike. Og det tel meir enn alt, når det kjem til stykket. Det er å ha det rette tyngdepunkt i livet. Og då kan du klara det meste.

God helg.

Helsing
Jan Ulveseth

KYRKJEBAKKEN – 50 ÅR!

Vi går attende til start!

v/Knut Risnes

Det er på ettersommaren 1971. Det skjer mykje i Austrheim nett denne sommaren; Fosnøya, Bakkøyna og Ulvøyna vert festa til fastlands-Noreg med bruboltar borte på Fønnes-landet. Store deler av kommunen vart med dette bunde saman, ikkje berre fysisk, men på det menneskelege planet og. Etter at 9-årig skule vart innført, hadde Austrheim kommune måtta senda ungdomsskuleelevane til nabo-kommunane Lindås og Radøy. No var Austrheim bunden saman med bruer og vegar og kunne starta eiga opplæring for ungdoms-skuleelevane sine på eiga jord. Kaland vart vald som skulestad, og dei første ungdomsskuleklassane starta opp på Kaland skule hausten 1971. Øyar var bundne saman med bruer og vegar, ungdomsskule-elevane kunne samlast på eigen skule, alt saman eit grunnlag og ein føresetnad for at folket som budde her skulle knytast nærare kvarandre både i kvardag og helg. Kanskje var det dette nypresten vår, **Per Einar Sønnesyn** såg då han kom hit til Austrheim som res. kap. på etter-sommaren 1971: At det var ei viktig oppgåve i denne nyskapninga av ein kommune å knyta folk saman med kvarandre både i kvardag, helg og ulike situasjonar. Kunne til dømes eit kyrkjelydsblad nyttast til det!? Ideen vart

lufta i soknerådet som «tende» på den og gjorde vedtak om å senda ut eit slikt blad til alle heimar i kommunen. «Nypresten» vår hadde ideen, men kven skulle gjera jobben?!

Ein del moglege «ressurspersonar» vart bedne inn til eit drøftings-møte. Sønnesyn gjorde greie for ideen om eit eige kyrkjelydsblad / meldingsblad for Austrheim sokn, skrive og produsert i vår eigen kommune og kyrkjelyd. Å fylla nokre sider med lokalt stoff, meldingar, kunngjeringar og anna som kunne vera av interesse for lokalsamfunnet og kyrkjelyden, var ein samde om burde gå bra. Så då var det berre å setja i gang! Sønnesyn var pådrivar og optimist! Pågangsmotet var sikkert medfødd og stå-på-viljen hadde han sikkert teke med seg frå Sunnmøre der han flytta frå då han kom hit til Austrheim. Kven kunne tenkja seg å verta med vidare i arbeidet med å gi ut det nye kyrkjelydsbladet? Spørsmålet kom opp: Vert det mykje å gjera? Då ein av dei som var til stades på møtet vegra seg og var usikker på om han «hadde tid» å setja av til arbeidet med å gi ut eit kyrkjelydsblad, var Per Einar Sønnesyn rask med å svara: **«Her er det ikkje spørsmål om å ha tid, her er det spørsmål om vilje og fantasi!»** Og hjå dei fleste av dei

MELDINGSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

REDAKSJONSNEMND Reidar Andvik, Bjarne Nordgard
Paul Råkil, Per Einar Sønnesyn.

Nr. 1. 1971. 1. årgang.

Den enkle «headinga» å første nummer nr 1. 1971

frammøtte var viljen til innsats til stades. Klarsignalet var gjeve, det var berre å setja i gang!

Målsetjinga var å gi ut første nummer av bladet i løpet av september. Per Einar Sønnesyn skulle vera redaktør og ha hovedansvaret for utgjevinga av bladet. Med seg i redaksjonen fekk han **Knut Risnes, Bjarne Nordgard, Reidar Andvik og Paul Råkil**. Dei to siste gav seg etter eit tid. Dei som då held fram i redaksjonen fordelte arbeidet slik mellom seg: Per Einar Sønnesyn skulle vera redaktør og ha hovudansvaret for utgjevinga av bladet og for kyrkjestoffet. Første og andre sida av bladet skulle vera hans. Knut Risnes skulle ha hovud-ansvar for stoff som vedkom heim, skule, sport, lokalsamfunn m.m, og Bjarne Nordgard skulle ta seg av årsmøtsdagar, nytt frå kommunehuset, kunngjeringar m.m. Men bladet skulle trykkast, korleis løyste ein det? Løysinga fann ein på Kaland skule der den nye ungdomsskulen i Austrheim hadde starta opp denne hausten, og der sprit-kopieringsmaskinen hadde vorte erstatta med svertkopierings-maskin.

Kaland skule stilte utstyret sitt til disposisjon, så då var det berre å setja i gang, og midt i september 1971 kom første nummer ut, eit A4 ark bretta til 4 sider i A5-format, og på første side står det å lesa:

«Dette vesle meldingsbladet er ikkje tenkt å vera ein konkurrent til andre blad, men vil berre fylla det tomromet som er her. Me vil ta inn stoff som kyrkjelyden kan ha hug å vita, kunngjeringar, smånytt, kyrkjeleg stoff og meldingar, nytt frå organisasjonar o.l., og elles slikt som me trur vil vera med å fremja kristen tru og liv i kyrkjelyden, og elles anna som «MELDINGSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN» kan vera med å skapa større samkjensle i bygda, auka trivnaden, og fremja alle gode kulturelle tiltak i arbeid og fritid, i kvardag og helg. Om nokon har noko på hjarta som dei meiner kunne høva, tek me gjerne mot innlegg. Like eins vil me vera glade for å få høyra kva de meiner om bladet, både ris, ros og gode råd!»

Kaland skule vart utgjevarstad for bladet fram til hausten 1974 då bladet fekk eige trykkeri plassert i eit kjellarrom på Austrheim skule med plass til både redaksjon, trykkeri og distribusjon. Målsetjinga for utgjevarane var å gi ut eit nummer av bladet kvar 14. dag, men ein var ikkje heilt nøgde med namnet på bladet, så lesarane vart utfordra til å koma med namneforslag og 25 forslag kom inn. Namneforslaga vart lista opp og redaksjonen bad lesarane røysta på dei 3 beste namneforslaga, men det var ikkje nokon av namna som peika seg ut i røystinga. Redaksjonen tok så avgjerda og valde namnet

KYRKJEBAKKEN

-Meldingsblad for Austrheim sokn-foreslege av Else Sørensen.

Kyrkjebakken-namnet hadde røter langt attende i tid til då kyrkjebakkane framfor kyrkja var ein møtestad for folket. Der råka dei kjenningar, der spurde dei nytt, der hørde dei kunngjeringar, der fekk dei kontakt med andre. Men kyrkjebakkane er ikkje lenger møtestaden for dei mange. Ein av intensjonane for utgjevinga av KB var å ta tilbake litt av den oppgåva dei gamle kyrkjebakkane hadde hatt, å vera ein møtestad der kontakt kunne knytast, bruer byggjast og kunngjeringar spreia. Men dei gamle kyrkjebakkane var og ein stad for den offentlege gapestokken der folk vart hengde ut til «spott og spe». Den oppgåva skulle «**vår**» kyrkjebakke ikkje ha!



**Magnussen Ambulanseservice
nr 19 - 17.oktober 1975**

Sjølv om det fall mykje arbeid på redaktørane var dei andre aktørane i produksjonskjeda like viktige. Alt stoff skulle skrivast i spaltebreidde før redaktøren monterte og redigerte, klipte og limte inn. Ein fann fort ut at papirrullane på kassa-apparata rundt om i butikkane høvde til dette for papirrullane på reknemaskinane hadde same breidde som spaltene i bladet vårt, så slike rullar vart kjøpt inn i «bøttevis» og så vart alt innhald i bladet skrivne på

dei! Dei ferdigskrivne stoff-rullane hamna så hjå redaktøren som klipte, sette opp sidene og limte inn. Dei ferdigredigerte sidene gjekk så til trykkeristaben som produserte ferdigtrykte sider. Neste ledd i produksjonskjeda var å samla dei ferdigtrykte sidene i rett rekkefølge og stifta dei saman til eitt og eitt blad. Eit nytt nummer av bladet «vårt» var ferdig. Redaksjons- og trykkeristaben var ferdige med oppgåva si og distribusjonsstaben kunne overta. Blada vart samla i buntar grend for grend, distribusjonsområde for distribusjonsområde for seinare å verta utlevert til dei som hadde ansvaret med å dela ut meldingsbladet til alle heimar rundt om i kommunen. Oppgåva med å dela ut bladet vart overteke av postverket våren 1974. Som ein ser var det mange ulike aktørar involverte i produksjon og utgjeving av Kyrkjebakken, knytte til skriving, redigering, trykking og distribusjon. Trykkekveldane i trykkeriet var miljøkveldar av beste slag, med «sladder» og prat, kaffi og mat! Ein vart etter kvart ein godt samansveisa KB-gjeng, og kveldane i kyrkjebakklokala var noko ein såg både fram til og attende på med glede. Gledeleg var det og når lesartakk dukka opp som til dømes dette takkebrevet Kyrkjebakken fekk frå ein lesar i 1973:

Ivar Aasen seier det slik i eit dikt:
«**Eit frøkor fell av eit tre i mold det sjølu til eit tre seg lagar. Med diger stuv og med fager koll, som høgt i vinden svagar!** Alle veit vi at slik er det. Frå å vera nesten eit inkje veks treet

seg stort og sterkt. Eg kom til å tenkja på dette diktet her eg sit med to år-gangar av Kyrkjebakken liggjande framfor meg. Første bladet – eit lite ark utan namn – lite som frøkornet, men med den rette spireevna i seg. Det vart større, og det fekk namn. No er Kyrkjebakken eit blad vi alle ventar på og reknar med. Det kan kanskje og nemnast at utflytta austrheimingar og får bladet tilsendt. Kyrkjebakken har vorte eit binde ledd for bygdene i kommunen vår. Her finn vi åndelege, kulturelle og politiske innslag, meldingar og nytt frå bygdene. Tanken om eit meldingsblad for Austrheim var framifrå! Eg takkar Kyrkjebakken for alle dei hyggelege stundene. Og takk til redaksjonen! Med alle gode ynskjer for bladet sin framgang! Helsing M.Ulvøy

Som alt fortalt var den lokale presten vår (1971-79), Per Einar Sønnesyn både initiativtakar til og hovedansvarleg for utgjevinga av KB dei 8 åra han var i Austrheim. I siste nummeret han hadde ansvaret for, nr.13/1979, skriv han følgjande i **KB** under overskrifta **TAKK «Eg vil gjerne nytta høvet til å takka Austrheim kyrkjelyd og bygdesamfunn for det me har hatt i lag i åtte år. Først vil eg takka for samarbeid og samværet i Kyrkjebakken. Om eg har vore aleine for det meste dei seinste åri om mesteparten av det praktiske arbeidet i KB, har eg aldri hatt kjensla av å vera aleine om bladet vårt. Når KB skulle trykkast har det strøymt på med**

INNVIINGSFESTEN FOR KALAND BARNE- OG UNGDOMSSKULE

Vart ei gild høgtid for dei av bygdefolk og gjester som hadde funne vegen til skulen fredag 21.11. Fleire gjæve gjester var komne til festen: Tidlegare skuledirektør Nils Hodnesdal, skuledirektør Per Kvist, skodespelarinna Hjørdis Ring, og representantar for dei som bygde skulen, kommunale styre og nemnder, og mange fleire frå bygda, med av- og påtroppande ordførar i brodden.

No, så svært mange frå bygda var det sant å seia ikkje, - det var god plass for dei som var der, - og nok folk til å skapa ein fin fest, - men ein slik dag, og med slike gjester hadde ein helst venta sprengfullt hus, - enda om skuleborna hadde "festa" frå seg med ei flaske brus til kvar i storfriminuttet (!)



SKULEDIRKTØR KVIST HELD TAKKA OG AVSLUT-
VIGSLETALFN SKULESTYRAR RISNES
FESTEN.

Programmet baud på song av Anne Gunn Jacobsen, musikk av Kaland skulekorps, festtale av Per Kvist, og opplesing av Hjørdis Ring, musikk av Jonas Hjertaas, Øystein Vikane og A.G.J., attåt fleire stutte og velformate talar og helsingar.

I landskapet var det duka småbord, - der det var høveleg stor plass til heile festlyden på ein gong. Arbeidsutvalet i foreldrerådet fekk syna at dei er eit ARBEIDSutval, - dei hadde ansvaret for velsmakande servering, med kaffi, og gode blautkaker og andre kaker, - i store mengder.

Alt i alt ein fin fest, - men nokre spurde: Kvar vart det av samsongen? Ein slik dag skulle det vel vera noko å syngja om, skulle ein tru! Det er bra musikkskulen står på programmet for komande valbol, - og då får me vonleg litt vaksenopplæring og?

brev, telefonar og personlege vitjingar på kontoret, slik at stundom fekk eg ikkje plass til det eg sjølv hadde tenkt å skriva, - og det har vore kjekt Slik god og personleg kontakt med lesarkrinsen ynskjer eg alle redaktørrar! Hjartans takk! So hjartans takk for rettleiing og oppmuntringar. Det aller meste har vore takk og godord, - men og open og beintfram kritikk. Takk til kvar einiskild! Det har vore rikeleg arbeidsløn for både dag- og nattarbeid!»

Då KB hadde 10-årsjubileum i 1981 vart Sønnesyn beden om å koma med ei helsing til 10-årsjubilanten. Det gjorde han, og helsinga stod å lesa i KB sitt julenummer i 1981. Denne helsinga skriven 40 år attende i tid gjev eit godt bilete av og førstehandsinformasjon om KB sine første «leveår», så vi har valt å ta denne helsinga til «gamle-redaktøren» vår med her, samstundes som vi på nytt sender ei velfortent takk til Per Einar Sønnesyn!

JULEBREV FRÅ VAKSDAL, JULA 1981

- Per Einar Sønnesyn-

Det stundar mot jul, og dessutan er det 10-årsjubileum for KB i år. Difor har redaksjonen bede om ei julehelsing og eit lite attersyn frå gamle-redaktøren. Og det kan eg gjerne skriva, om nokon har lyst til å lesa.

Når ein tek til å lesa gamle årgangar av KB, kjem mange minne strøymande, ikkje minst frå den første

tidi i Austrheim. Det var eit tidarskifte i Austrheim hausten 1971. Etter det som vart fortalt oss då me kom, hadde folk i Austrheim vore noko mismodige i åri før. Folketalet minka, og ei tid var dei redde for at Austrheim skulle verta delt mellom grannekommunane. Men med bruene og eigen ungdomsskule såg det straks lysare ut. Ja, til vår undring fekk me høyra at endåtil det at de endeleg kom søkjar til res.kap.-embetet vart teke som eit godt teikn! Me som kom frå Sunnmøre, med alle sine songkor og bygdeblad, sakna både blad og kor i Austrheim. Difor vart det noko av det første vi spurde etter. Og det gjekk uventa lett å få «Meldingsblad for Austrheim sokn» i gang. Soknerådet sa ja med det same, og første bladlappen vart laga enkelt og greitt: Bjarne Nordgard skreiv det på stensil, og so sveiva me dei 550 eksemplara på stensilmaskina på kommunehuset. Soknerådet delte ut i kvar sin krins, og dei fleste i Austrheim fekk sitt første blad søndag 12. september 1971.

Og vårt vesle truskuldige blad vart uventa godt motteke! Ikkje minst eldre og folk i utkantane og på øyane let vel. Om dei ikkje kunne vera med på so mykje, visste dei i det minste kva som gjekk føre seg i bygdi. Og på hi sida av kommunegrensa borte på Fonnes bad dei om å få bladet. Men alt frå første nummer av bladet kom det klagar på bladet: Det var sume som ikkje hadde fått bladet! Det enda med at vi overlet til postverket å få bladet ut. Men det

Innviingsfesten for Kaland Barne og Ungdomsskule nr 22 - 28. november 1975



SKULETOMTEN.

Kommunestyret har vedteke at ein skal gå til innkjøp av areal til nytt skuleområde på sørsida av fylkesvegen på Årås (sør for lensmannsamtet). Området skal nyttast til barne-/ungdomsskule, vidaregåande skule, idrett bygg og idrettsplass.

Til byggenemnd for nytt skulebygg for grunnskulen har kommunestyret valt: Alf Hopland, Jonas Hjertås, Margot Gjerde, Olav Kr. Birkeland, Ludv. M. Daas og skulesjef og tekn. sjef som konsultative medlemmer.



Ein del av skulestyret på synfaring på det nye skuleområdet, før avgjerda fall.

MONGSTADUTBYGGINGA

Hydro inviterte formannskapa i Lindås og Austrheim til omvising og orientering på Rafnes, Herøya og hovedkontoret i Oslo måndag og tysdag i denne veka.

Det var ein interessant og utbytterik tur som vil vera til nytte for kommunen sitt vidare arbeid med Mongstadutbygginga.

Åles har formannskapet diskutert eit opplegg for på kva måte vi på kommunalt hald kan førebu både den nye anleggstida og ei vidare utbygging på Mongstad. Dette er ting ein seinare vil koma attende til.

TIL SLUTT

ynskjer eg dykk alle

EI GOD JUL og
EIT GODT NYTT ÅR
der ikkje berre barnet i krybba,
men FELSAREN må verta midtpunktet!

Knut Risnes

hende diverre at det kunne verta for få blad, og då var det leitt! «Eg må få fleire blad», sa ein postmann. «for folk vert rasande når dei ikkje får «Kyrkjebakken»! Og kva meire kan ein redaktør ønskja seg!? Kyrkjebakken, ja! Det vart namnekonkurrans, og den vann Else Sørensen. Som den gamle Kyrkjebakken utanfor kyrkja var ein møtestad for folk, der dei kunne snakkast, høyra kunnjingar og spørja nytt, slik skulle den nye «Kyrkjebakken» og vera. Namnet står første gongen på blad nr. 5 – 15.11.71. Redaksjonsnemnd er då Reidar Andvik, Bjarne Nordgard, Knut Risnes, Paul Råkil og Per Einar Sønnesyn.

Frå nr. 3 – 1971 var formatet på bladet auka til A4, og trykkestad vert no Kaland skule. Der hadde dei betre utstyr, men problemfritt vart det ikkje korkje med å trykkja eller å lesa det ferdige produktet, stundom. Det kom ei gåve til betre utstyr ein gong, «til hjelp for å få bladet meir leseleg». Men om trykkkvaliteten vart ujamn, var innhaldet rikare etter kvart. Det strøymde på med kunnjingar om stort sett det meste som skulle gå føre seg i Austrheim, og ikkje fåe tok penn i hand og skreiv, - ofte for første gong til eit blad! Ja, når ein no blar attende i dei ymse årgangane, er det som å kjenna bygdesamfunnet på pulsen veke for veke! Og etter det eg har frett er det ikkje so fåe som har alle nr. av bladet og gjerne blar attende i dei rett som det er.

Men det var meire skjeldan stoffet fekk bli historisk før det vart trykt, som ein elles ofte ser i kyrkjeblad. Heilt frå først av og til no har det vore slik at siste frist for kunnjingar i Kyrkjebakken har vore nokre minutt før siste sida gjekk i maskinene. Og når det først var kome inn i bladet, måtte det ut til lesarane i rett tid, og då måtte ofte nattetimane nyttast. Og det har visst aldri hendt at KB ikkje kom ut i rett tid, om det kunne kosta kamp med både stoffet og maskinane rett som det var.

Når KB vart kalla «meldingsblad» så låg det noko av eit program i det og. Det skulle fyrst og fremst melda frå om det som gjekk føre seg i kyrkjelyden og bygdesamfunnet elles, slik at folk kunne leva med i det beinveges, helst. Difor var det hyggeleg at det fleire gonger kom inn så mykje «bladmat» at det ikkje vart plass ledig for redaktøren i den tida bladet hadde fast sidetal. No er det visst slik at bladet får så mange sider som det er stoff til, slik det var i dei første åri! Men om meldingane var viktige, vart visst det meste i KB lese av dei fleste, enda til andaktar og leiarar var visst godt stoff! Men ikkje alle las alt med like stor glede. Ei tid då det gjerne gjekk litt friskt for seg i spaltene, sa ein mann til meg: «Det er med KB som med Dagbladet. Eg vert rasande sint når eg les det, ---men eg les det!»

Skuletomt for Årås skule og Mongstadutbygginga – november 1976

AUSTRHEIM VIDAREGAANDE SKULE OPNA

Austrheim vidaregåande skule vart opna tysdag. Skulen er førebels knytt til Nordhordland yrkesskule i Knarvik, og held til i leigde rom i nybygget til Brandtun elektro i Mastrevik. Det er eit bygg i tre høgder. I første høgda er maskin- og mekanikaravdeling, i andre teorirom m.m. og i tredje formingsrom, kontor og lærarrom m.a. Lokala er lyse og tenlege til sitt bruk. Det er to klassar i teorifag,

tilsvarende det tidlegare gymnaset, ein i maskin- og mekanikarfag, ein i elektrofag og ein i teikning, form og farge.

Storparten av dei vel 90 elevane kjem frå Austrheim og Lindås, og ein del frå Masfjorden, Gulen, Radøy og Fedje.

Den høgtidelege opninga av skulen var i formingssalen, der elevlar, lærarar og målsmenn for kommunen og fylket

var samla. Skulesjef Råkil styrde samskoma, og ordførar Fjeld ønskte velkomne og fortalde om skulen. Sidan var det ei rad helsingstalar frå fylket, fylkesskulestyret, planutval og skulen sine folk. Alle bar fram gode ord og ønske for skulen og dei som skal arbeida der.

Etterpå var dei innbedne gjestene Austrheim kommune sine gjester i Samfunnshuset.



Lærarflokken ved Austrheim vidaregåande skule frå venstre:

Inspektør Gunnvald Hella, timelærer i forming Solveig Moberg, lærar i realfag Knut Veland, lærar i språkfag Joronn Sæthre, faglærer i maskin og mekanikarfag Reidar Solheim, faglærer i elektrofag Kåre Bondevik, faglærer i teikning/form/farge Mathias Sætre, rektor ved Nordhordland yrkesskule Leiv Brekke, lærar i språkfag og samfunnsfag Harald Blånes.

Austrheim vidaregåande skule opna nr 22 – 28. august 1978

KYRKJEBAKKEN

Meldingsblad for Austrheim sokn NR. 29 – 17. NOVEMBER 1978 – 8. ÅRGANG.



Kyrkja var fullsett på søndagsskuledagen i kyrkja. Her ser me søndagsskuleborn frå Årås, Austrheim og Øksnes som glede oss med fin song og glade smil. Til venstre ser me veteranen mellom søndagsskulearbeidarane, Ingeborg Øksnes.

Søndagsskulens dag i kyrkja nr 29 – 17. nov 1978

I ei gransking av «Menighetsbladene i Bjørgvin Bispedømme» i 1977 ved Aage Strand og Pål Storrusten ved Norges Handelshøgskule får m.a. KB særleg omtale. Dei trur Lindås prestegjeld er einaste prestegjeldet i landet med to kyrkjelydsblad, og om Kyrkjebakken, Lindås-bladet, Masfjordingen og Sulalappen heiter det: «Alle disse bladene må sies å ha et spesielt

impulsivt utseende og innhold. En typograf ville nok hatt en del å utsette på dem, men kan hende vil det personlige preget disse bladene har, kommunisere på en utmerket måte». Om KB og Masfjordingen heiter det: «De har også mye stoff fra lokalsamfunnet, slik at deres funksjon blir svært tydelig! Aldri før har vi sett noe menighetsblad

med helsides oversikt over sommerens fotballkamper!

Formodentlig leses dette bladet av hele bygda!» Og det hadde dei nok rett i!

Det kjem vel av at KB meir enn dei fleste blad har vore lesarane og lagsarbeidet sitt blad. Det har vore ymse skifte i redaksjonen, men hovedredaksjonen har likevel vore folket i Austrheim. Difor har han vore stabil og livskraftig!

So kan ein spørja om Kyrkjebakken har tent evangeliet, som eit rett kyrkjelydsblad skal gjera. Eg trur det! Noko med beinveges forkyning, sjølusagt og ved å kunngjera gudstenester og møte. Men ikkje mindre trur eg det har hatt å seia at

bladet har opna samfunnet, ha skapt kontakt og har nådd inn i ei fleste heimar som ei helsing frå kyrkja og eit vitnemål om inkarnasjonen, at Ordet vart kjøtt, at Gud bryr seg om heile vårt liv. Endå om mangt kunne ha vore skrive og gjort annleis og betre, trur eg KB har tent og tener Evangeliet på ein livsnær måte.

Dette vart mykje turrprat og spreidde glimt frå gamleredaktøren. Eg kunne ha skrive mykje meir om mangt, men det får vera. Eg vil berre takka KB og lesarane for mange gode og spanande år, om ikkje alltid like lette, år på kyrkjebakken, og ynskja lukka og signing over jubileet og komande årgangar.

Helsing Per Einar Sønnesyn
(henta frå KB sitt julenummer 1981)

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887

50 års Jubileum



Kyrkjebakken

50 år

Nokre minne v/ Joronn Sæthre

Eg hadde lese Kyrkjebakken i 1 år før vi flytta til Austrheim i 1978. Det var eit hogst utradisjonelt kyrkjelydsblad, men det var interessant å lesa for ein som skulle flytta til kommunen, både når det gjaldt kyrkjelege hendingar og hendingar i lokalsamfunnet elles. Det var utruleg kva som fekk plass på eit dobbelt A-4 ark.

Då vi så flytta til Austrheim i 1978, var det spanande å bli spurt om å vera med i staben for utgjeving av KYRKJEBAKKEN, og spanande og interessant blei det også. Og i tillegg blei det moro! Jo seinare på kvelden vi jobba med bladet, jo meir morosamt blei det.

Designet til bladet vart i 1978 endra til eit blad i A-5 format, og så vidt eg hugsar, var det i alle høve minst 16 sider med godt lestoff om det aller meste. Vi som jobba med bladet, hadde ei open haldning til kva som vart sett inn. Eg hugsar mellom anna ei annonse: «Hvem har sett mine svarte sko? De forlot meg etter en fest nyttårsaften på Bedehuset». Som de ser, vi var åpne for det meste, både når det gjaldt innhald og målform.

Mitt første møte med Kyrkjebakken-lokalet var ei overrasking. Nede i kjellaren på Austrheim skule vart eg møtt av ei skrivemaskin av god gamal årgang og ei



JENTESPEIDARAR I AUSTRHEIM.
6.mars var ein stor dag for speidarane i Austrheim. Då vart Solveig Hopen innsett som speidarleiar av krinsleiareren, og dei første jentespeidarane optekne. Gutespeidarane var og med, med Svein Johannesen i brodden. Me ynskjer lukka og signing!

Jentespeidarane nr 15 – 28. april 1978

trykkerimaskin som var nesten like gammal som Guthenberg, om ein ser bort frå at den gjekk på elektrisitet. Ho var ei stor og kraftig «dame», og ho var ei maskin

GLIMI FRA AVSKILSSAMVÆRET MED HUSLYDEN
SØNNESYN PÅ AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS 4.JULI.



Ein bunt strame karar og
kvende. (Har han Øyvinn
noko av faren i seg, tru?)

Auskilssamvær Sønnesyn nr 13 – 13. august 1979

med sterk personlegdom som kunne gå i
uranglås om ho ikkje fekk det som ho ville.
Den som var best til å hjelpe når maskinen
slo seg urang, var, etter res. kap. Sønnesyn
si utsegn, ein gammal smed som budde
i Knøsesmauet (eller i eit av dei andre
smaua inne i bydn?). Som regel måtte vi
trå til sjølve. Med desse føresetnadene blei
Kyrkjebakken produsert.

Lokalet i kjellaren på Austrheim skule var
ikkje så stort, så vi seks som skulle jobba
der, delte oss i 3 parti. Eg hadde gleda av
å arbeide med Egil Sætre, han trykka og
eg skreiv. Etter dette var det bretteing, til alt
hell med ei brette maskin, og så kom det
heilt store: Bladet skulle leggjast saman og
i nokre høve stiftast. Då var som regel alle
seks i redaksjonen til stades, og det hende
at vener og såg innom «trykkeriet» for å
hjelpe oss med dette arbeidet. Sosialt var
det om kveldane i KB-kjellaren!



**Arne Aven og
Svein Johannessen**

NYTT TRYKKERI



Med tanke på trykk-kvaliteten og
arbeidstilhøva for utgjevarane,
fann vi det rettast slik. Kvali-
teten på trykkinga kan de bedøm-
ma sjølv.

Vi reknar med at med det utstyr-
et vi no har, kan vi yta hjelp
til trykkingsarbeid for lag, org-
anisasjonar og einskildpersonar
i kommunen vår.

KYRKJEBAKKEN har no ei samla
gjeld på omlag 60 000,00 kr.
Denne gjelda skal nedbetalast
over 7 år.

Det nye trykkeriet vart teke
i bruk onsdag 7. november.
Det er Egil Sætre frå trykke-
ristaben og Bjørn Helge Olsen
frå NOROFFSET A/S (leveran-
døren) som køyrer trykkeriet.

Dersom nokon ynskjer å sjå
korleis KYRKJEBAKKEN vert til,
må de berre stikka innom på
Austrheim skule onsdag etter
kl. 18 i utgjevingsveka.

Nytt trykkeri.

Nr 20 – 9. nov 1979

Og innhaldet? Sjølusagt måtte vi ta med
det som skulle publiserast frå kyrkjeleg
hald som gudstenester, møte, dåp,
bryllaup, graufferder, basarar og liknande.
Kommunen hadde og si side der alle
mottakarane blei informerte om
vesentlege saker frå kommunestyre og
ordførar, og nokre annonsørar hjelpte til
med økonomien. Og for ikkje å gløyma! I
ein periode hadde vi også reise-følgjetong,
reisebrev frå Ottar Vikane. Han hadde fått
ei reise frå Noreg til Japan der han skulle
vitje Misjonselskapet sin misjonsstasjon
nord i landet. Ottar valde å gjere reisa så

spanande som mogleg til glede for
lesarane av Kyrkjebakken, og med to
vekers mellomrom kom breva. Men det
var ikkje bare -bare å reisa med tog frå
Helsinki til Vladivostok. Det var hyppige
togbytte, og i kvart einaste brev skreiv han
om korleis han heldt på å mista toget når
han var ute på perrongen og lufta seg
undervegs! Spanande for oss som fekk
vera med på «misjonsreisa» hans Ottar, og
til glede for lesarane kom han seg på toget i
siste liten kvar einaste gong!

**Kopervik 25.09.2021
Joronn**

Kyrkjebakken 1984-91

av Rolf Sandstad

“Du får sjå i Kyrkjebakken!” Ja, det var det eg vart møtt med når eg som nyinnflytta på Fønnes i 1983 lurte på lokale aktivitetar, både for oss vaksne og ungane.

Kyrkjebakken, KB, dukka opp i postkassa kvar andre veke. Her var både tapt og funne, kjøp og sal, etterlysingar, stilling ledig, trekningslister, resultatlister, arrangement og informasjon både frå kyrkja, lokale lag/organisasjonar og kommunen. Som ei slags lokal analog tidleg utgåve av Finn og Facebook.



Eg hadde ikkje jobba lenge på Kaland skule før Knut Risnes, rektor og redaktør i Kyrkjebakken, ymta fram på og eg kanskje kunne vera interessert i å vera med i dugnadsgjengen på KB, og slik vart det.

Dugnad kvar andre tysdag med opphald i feriane, omlag 22 gonger kvart år. Skrivning, klipp og lim (layout), trykking, bretteing, samanlegging og fordeling i esker til distribusjon. Oppstart i 4-5 tida på ettermiddagen, sistemann gjekk heim stort sett for midnatt om trykkeriet var samarbeidsvillig. I denne perioden hadde oppunder 10 karar vore innom og utført sin dont. Ja, for KB-produksjonen var det mannfolka som tok seg av. Damene sto for KB sin rekneskap, teikning av annonsar/ oppslag og skrivning av stoff på førehand, som kunne limast rett inn i bladet.

**Første «eittåring»
i kyrkjelyden nr
14 – 26. august 1983**

NY MEDARBEIDAR I KYRKJELYDEN
Gunn Håland er no i full gang som «eitåring» i kyrkjelyden
Søndag 14. august vart ho
ynskt velkomen i samband med
gudstenesta. Vi seier eit
HJARTELEG VELKOMEN til Gunn
Ta henne og alle dei andre
som arbeider mellom born og
unge med i bønene dykkar.

KB KYRKJEBAKKEN
MELDINGSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN
FREDAG 27. MAI
NR. 10 1983 13. ARG.



Raud messehakel nr 10 – 27. mai 1983 –
gitt som privat gåve (foto Leif Arne Økland)

Den nye messehakelen i Austrheim kyrkje. Sett frå kyrkja når presten står vend mot altaret

Utviklinga i KB i perioden -84-91, og utviklinga i Austrheim

KB fungerte, og fungerer, som lokal oppslagstauale. KB-arkivet gir oss difor godt dokumentert lokalhistorie. Bladet KB ser ut til å ha ei minst like viktig rolle i lokalsamfunnet i 1991 som det hadde i -84. Omfanget av annonsar og meldingar i perioden ser ut til å vera nokså stabilt, og det er vesentleg meir kommunal informasjon og stoff frå det offentlege i 91 enn det var i 84. Juletefestar derimot har gått ned frå 11 i -84 til 7 i -91.

Opplistinga av hendingar i perioden er ikkje meint å vera fullstendig, berre eit utdrag som gir eit bilde av ei tid som var.

Nye lag i perioden:

- * Austrheim sogelag, skipingsmøte 11.02.85
- * Bakkøy grendelag stifta i -86
- * Austrheim Naturvernlag. Første innlegg i KB febr 88
- * Austrheim lag for funksjonshemma
- * ALL forsøkte å starte eiga sykkelgruppe, vår -84
- * Austrheim LHL -91



Båtprosjonen 17. mai 1991 - Foto: BT

Kyrkjelydskontor

Soknerådet har no fått leiga eit lite kontorlokale på Årås Bedehus. Me har kalla det Kyrkjelydskontor, og det vil bli nytta av soknerådet og dei kyrkjelege tilsette.

I fyrste omgang vil kontorassistenten og eittåringen ha faste kontortider der (sjå s. 3 i KB)
Telefon-nummeret til kontoret er 36 96 94

Kontor- Assistent

Bodil Monslaup er tilsett som kontorassistent i 1/4 stilling for soknerådet/ den kyrkjelege administrasjonen frå 10.09.84. Ho vil ha fast kontortid på Kyrkjelydskontoret to dagar i veka:

MANDAG 10 - 13 og
TYS DAG 10 - 13

Resten av arbeidstida hennar vert fleksibel.



Første kontorassistent på kyrkjelydskontoret nr 15 - 7. september 1984

Andre hendingar/oppslag i perioden:

- * Teknisk kontor søker om ekstraløyving til innkjøp at datautstyr. Kommunestyresak -84
- * Austrheim kommune søker etter vikar for husmorvikar vinteren 1985-86
- * Heimesjukepleien innfører vaktordning 01.07.85. Kontakt via mobiltelefon
- * Austrheim kommune innfører styringsgruppe for funksjonshemma, mars 1985
- * Klesinnsamling til Polen, haust -84
- * KB hadde eiga barneside
- * Svein Harald Nilsen slutta som prest i Austrheim, kapellan i Lindås -84
- * Bergen Lærarhøgskule startar opp med vidareutdanning i INFORMATIKK/ DATALÆRE på Kaland Barne- og ungdomsskule. Dette er første

- vidareutdanningstilbodet på høgskuleniivå i kommunen. 1984-86.
- * Soknerådet leigar kontorplass i Årås bedehus, og Bodil Monslaup er tilsett som kontorassistent. 10.09.84.
- * Helgaljod på Skottevig camping, sommar 1984
- * 24 førskuleborn på Kaland skule våren -84
- * Mødreforeininga til Austrheim skulemusikklag har møte, mars -84
- * 12 søkjarar til kapellanstilling i Lindås (Austrheim)
- * Austrheim tidleg ute med ølsal over disk. "Ordføraren si dobbeltrøyst gav fleirtal for ølsal i Austrheim", jan-84. Horda landskommunar med ølsal før dette var: Odda, Stord, Eidfjord og Bergen.



Grønn messehakel gitt av Kyrkjeprydnad. Bilete av Jan Ulveseth. Fotografert ukjent.

- * Bingsert. Usikker på om ordet er ei oppfinning av ungdommane i Helgaljod. Helgaljod dreiv aktivt ungdomsarbeid p -80-talet. Konsert med bingo, BINGSERT, var nyttig Inntektsbringande aktivitet.
- * Ny prest i Austrheim, Jan Ulveseth 1986
- * Kyrkjelydsfesten 22.03.87 førte til oppslag i BT.
- * Radio Vesterut. Lokalradio i Nordhordland med studio i Samfunnshuset
- * Kyrkjeadministrasjonen får disponera Austrheim skule, jan. -88.
- * Stor aktivitet på Mongstad i perioden 1985-89, med oppgradering og utviding av raffineriet og bygging av råoljeterminal. Mongstadanlegget hadde eigen anleggsprest 87-89
- * Gudsteneste i Velferdssenteret på Mongstad

- * Songlaget med Teodorakiskveld på Samfunnshuset, april -88
- * Møbel og kuitevaresal, Brandtun elektro, vår -88 (i dag Austrheim vidaregåande)
- * Etter 17 år i Mastrevik flyttar Brandtun elektro til Mongstadkrysset august -88
- * Restaurering av kyrkja, ferdig haust -88
- * KB tek ikkje inn trekningslister, tek for mykje plass
- * Ordføraren skriv: "Arbeidet med Øyanevegen er i godt gjenge 01.01.89"
- * Bruopning, Brua mellom Fosnøy og Radøy opnar 16.06.89.
- * Austrheim kyrkje 125år 1990.
- * Øyanevegen er komen til Sævrøy ferjekai, opning 05.12.90.

- * Ny serie i KB. Lag og organisasjonar i kommunen presenterer seg
- Desse laga leverte innlegg til KB: Austrheimsrtykarane, Ungdomskoret Helgaljod, Søndagsskulane, Austrheim pensjonistlag, Austrheim skulemusikklag, Austrheim idrettslag, Guteklubben (KFUK/KFUM), Austrheim/Lindås janitsjar, Yngres, Kaland skulemusikklag, Austrheim song & musikkråd.
- * Kong Olav V død 17.01.91. Ordføraren sender kondolanse til kongehuset.
- * Musikkskulen gjennomfører musikkskuleveke 8.-13.04.91 med 11 konsertar. Konsert på skulane, i barnehagane, på Nordheimen, Samfunnshuset og ferja Leirvåg-Sløvåg



Aktive pensjonistar som pakkar bladet på kyrkjelydshuset ca 1988/89 – frå venstre: Astrid Sæthre, Kaspar Gjerde, Josef Kårdal, Magda Gjerde.

AUSTRHEIM 125 ÅR KYRKJE

125 Årsjubileumet vart feira på ein flott og verdig måte søndag 22/4. Det starta med gudstjeneste i den ferdig restaurerte kyrkja. Etter at gudstjenesta var ferdig var det tog til samfunnshuset der feiringa fortsatte.



Her var det dekket til eit festmåltid og det vart god tid til å prata i lag. I tillegg til maten fekk ein servert sang og musikk, og dette fall i god smak. Kyrkjelyden fekk helsingar frå tidlegare prestar og frå andre sokneråd.

Kyrkjebaksen - MELDINGSBLAD FOR AUSTRHEIM SOK

Stasleg presteskynn for Kåre Hestad og Jan Ulveseth

Austrheim Kyrkje 125 år – 1990. Feira søndag 22.april 1990.

- * NRK-overføring frå Austrheim 17.mai -91. NRK har valt ut Oslo, Trondheim, Bodø og Austrheim som overføringsstader frå 17. maifeiringa dette året
- * Helgaljod på Skottevig camping juli -91
- * Mastrevik Torg 10 år.
- * Kyrkjebakken 20 år
- * Speidarane med miljøpris til Atle Bakke gartneri for giftfri tomatproduksjon
- * Grunnskuleveka hausten 1991. Tema: vårt felles miljø. Årås skule gjennomførte

miljødebatt med ivrige debattantar, yngstemann gjekk i første klasse.

Store endringar i KB i perioden

Frå 1984 til -88 var produksjonen av KB nokså uendra. Tysdag ettermiddag/kveld var dugnadstid og folk kom på ulikt tidspunkt etter kva oppgåve ein hadde. Alle i same rom skrivemaskin, desk og trykkemaskin. Så lenge det var berre



Rolf Sandstad set opp bladet – ca 1986/88. Foto: ukjent.

skrivemaskinlyd og klipp/lim gjekk praten greitt. Når trykkinga starta, måtte vi skru opp styrken for å halda kontakten, men det var slik det var, og stemninga var alltid god, sjølusagt litt ampert innimellom, om det vart tekniske utfordringar med trykkinga, og det var det jo ikkje så sjeldan. Eg kan ikkje minnst at nokon klaga på arbeidsmiljøet, sjølv om det var både kaldt, trekkfullt ved døra og litt for mange desibel. Utpå kvelden var vi av og til så heldige at nokon stakk innom med ein godbit. Lars Even var god på det!

1989 til -91 Frå analog til digital.

Det starta med at Øyvind Risnes vart invitert for å visa oss korleis KB kunne produserast digitalt, truleg seint i -88. Det vart kjøpt inn ein Apple Macintosh PC og skrivar, med Pagemaker programvare. Den spede begynnelse med digital ombrekking og redigering er synleg i KB 7.april -89. Som med alt anna nytt tek det tid for det vert nyttig. I starten var det ekstraarbeid. Men KB var tidleg ute. Lokalavisene var ikkje igang med digital ombrekking for vi bikka over på -90talet.

Frå sosial dugnad til einmannsjobb.

Det analoge arbeidet sysselsette mange. Etterkvart kunne skrivearbeidet skje kor som helst, og redaktøren sitt arbeid vart å montera det saman, men så lenge vi hadde eige trykkeri sysselsette det fleire, slik at dugnaden leude litt fram på -90 talet. KB si trykkemaskin song etterkvart på siste verset, og ny maskin var ei stor investering. 4.okt -91 Står det å lesa i KB under **REDAKSJON HAR ORDET:** **“KB-beklager. Siste KB kom for seint ut til ein del husstandar i kommunen. Teknisk suikt på trykkeriet var årsaka, kobla saman med hardt arbeidspress på trykkarane våre i samband med stoppen på Mongstad. Slikt skjer når Kyrkjebakken er dugnadsjobb. Vi beklager forseinkinga.”** Etter dette vart det slutt på dugnadstrykking i kjellaren på Kyrkjelydshuset. Arne Skauge hadde skaffa seg eigen trykkemaskin og han overtok trykkinga ein periode framover. Dermed var det slutt på KB-produksjon som sosial dugnad. Arbeidet fortsette som frivillig, med etterkvart meir og meir på kvar si tue, med kvar sin PC.

Takk til dei faste annonsørane
– og ein særskilt takk til
Austrheim kommune for gáva på kr 5.000

OPPSØKENDE TJENESTE..... eller «krype til korset» med korset.

Et lite glimt fra mitt presteliv i Austrheim

Først gratulerer med Kyrkjebakken som er 50 år, og den fantastiske innsatsen fra så mange opp gjennom åra. Tusen takk!

Det har blitt så mange minneverdige opplevelser fra min tid som kyrkjelydsprest i Austrheim og Fedje. Derfor vil jeg takke alle dere som jeg fikk møte og bo blant de godt og vel 12 årene vi fikk være sambygdinger. Noen minner sitter dypt og skal ikke deles med alle. Men når jeg skal hente fram en historie, vil jeg dele noe som hendte under en gudstjeneste i Austrheim kyrkje i starten av Austrheim-tiden.

To barn skulle bæres til dåp den søndagen. Det var som alltid både fest og høytid for familie og kyrkjelyd med et lite barn som skulle bære fram. Jesus sa jo: «Lat borna koma til meg og hindra dei ikkje.»

Det første barnet ble døpt på Jesu ord og befaling, og alt var såre vel. Det neste barnet ble så båret fram, og igjen fikk jeg gjøre det som kjennes som noe av det største jeg får gjør som prest. Det var bare det at jeg fikk en følelse av

at noe ikke var helt som det skulle være, men visste ikke helt hva.

Gudstjenesten gikk sin gang, og da jeg stod i sakrestiet måtte jeg spørre kyrkjetenar Aslaug Austrheim om hun la merke til noe unormalt under den andre dåpen.

Vi ble enige om at jeg fikk gå til Jan Ulveseth som var tilstede på gudstjenesten, og spørre ham. Han visste å gi svar, jeg hadde glemt å tegne korsets tegn over det andre barnet.

Etter en liten teologisk ettertanke kom vi til at dåpen var gyldig uansett. Men jeg kjente at jeg likevel ønsket å gjøre godt igjen for denne tabben, så jeg spurte om han visste hvor familien bodde. Jan hadde lang fartstid i Austrheim, og kjente «alle», så han forklarte meg veien.

For å si det sånn: Da døren ble åpnet borte i Åråsfeltet, var det stor overraskelse å se presten igjen så snart. Jeg fikk komme inn og vel oppe i stuen fikk jeg alles oppmerksomhet.

«Takk for sist! Det er ikke vanlig, at presten kommer på hjemmebesøk rett etter dåpen, men i dag har jeg et

spørsmål til dere. Savnet dere noe under dåpen i dag?» Alle så på hverandre, men bare en savnet noe viktig og fint, og det var oldemor fra Fedje. Hun sa: «Du signa ikkje badnet med det heilage krossmerket».

Gjett om jeg var glad for at jeg hadde oppsøkt familien og den vesle gutten. Nå skulle det få skje som ikke hadde skjedd. Så slapp oldemor å bære på sorgen over at dette ble utelatt i kirken.


Alle samlet seg i en ring på stuegulvet og barnet ble holdt fram, og jeg fikk si: «Gud vare din utgang og din inngang frå no

og til evig tid. Eg signar deg med det heilage krossmerket til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.»

Det ble en hellig stund i stuen, en stund som lever i minnet hos dem og hos meg, og som vi når vi møtes, alltid hentes fram.

Tenk at en tabbe kan føre med seg så mye velsignelser!
Gud velsigne kvar og ein som les desse orda, og takk Gud for din dåp!

Med beste hilsen fra Børge Ryland





Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!



Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

Ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Årshøgda 10.

Timebestilling:
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic
Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

Gratulerer

Da jeg kom til Austrheim som prest i 1986, var Kyrkjebakken alt 15 år gammel. Arbeidet var godt i gjenge med stor dugnad i eget rom i det som siden ble Kyrkjelydshuset.

Der var det et fantastisk miljø med journalister, korrekturlesere, trykkere, brettere osu. Som ny prest var det å bli lukket inn i dette, en stor berikelse.

Min oppgave var å skrive andakt. Det gjorde jeg i alle de 10 årene jeg var i Austrheim, - ikke til hvert nr. men til de aller fleste. Det ble en oppgave jeg likte svært godt og som ga meg mye personlig.

Og så var jeg mektig imponert over et menighetsblad som hadde en profil som gjorde at de aller fleste i bygda leste det vi

skrev. Det å bli inkludert i dette var stort for meg. Det ga meg en inngang i bygda som andre prester bare kunne drømme om.

Jeg vil gratulere Kyrkjebakken med 50-årsjubileet og takke for at jeg har fått være med på reisen i noen år.

Min hilsen til Jubilanten, til alle som arbeider med bladet og til alle som er lesere av Kyrkjebakken er:

Salme 31.15-16a «Men jeg setter min lit til deg, Herre, jeg sier: Du er min Gud. Mine tider er i din hånd.»

Det er et trygt sted å leve for oss mennesker, og godt å vite at vi blir tatt imot av Gud, - alltid!

Hilsen fra Jan Ulveseth,

1992 – 2021: v/Bodil Monslaupe og Leif Arne Økland

Her kjem ei kortfatta oversikt på hendingar sidan 1992 og fram til dags dato. Hendingane er henta ut frå ulike nummer av Kyrkjebakken og redigert av Bodil Monslaupe og Leif Arne Økland. Anne Dahle Austrheim har skrive litt meir utfyllande om fredagskafèen og julenatt i Austrheim og Eli Aarnes Lerøy har skrive om misjonsprosjektet.

Slik såg Kyrkjestatistikken ut i **1992**: 30 døypte, 16 vigslar, 57 konfirmerte, 32 grauferder, 45 gudstenester. Einaste som er "stabil" i forhold til i 2020 er grauferder.

Det har i lengre tid vore innsamling til oppgradering av orgelet. Om soknerådet klarer å samle inn 100.000 skal kommunen bidra med 300.000.

Første kulturpris i Austrheim gjekk til Trygve Minde for arbeid med cross- og rideklubb og til Gjertrud Daae for arbeid med song og musikk i kommunen gjennom mange år.

Mangeårig klokkar Kaspar Gjerde er blitt pensjonist.

1993. 37 år gamle Børge Ryland kom som Kyrkjelydsprest til Austrheim og Fedje. Løna med kommunale midlar.

Dette klarte Austrheim fram til i 2005, då var det slutt på ordninga. Første og einaste prest som har budd i Kaland krinsen. Han tok til som prostiprest i Nordhordland i 2005.

Kronerulling til minnesmerke på Selsøy tok til i 1994. Første samling på Selsøy var i 1995, sidan har det vore årleg fredsmarkering 8. mai.





Vigsling av ny del Austrheim gravplass 1996: Frå venstre: Jan Ulveseth, Børge Ryland, Kåre Mestad, Harald Sundsbø, Bodil Monslau, Lars Even Mongstad.

Kyrkjeprydna har igjen gitt gåve til kyrkja, denne gongen er det to brurestolar, heilt like til dei to som alt er der.

Bestemorklubben på Kaland er heidra for sitt utrettelege arbeid for ungdommane. Også Rockeverkstadene er heidra.

50 årsmarkering for frigjeringa, Markert ved minnestøtta på Austrheim gravplass og avduking av nytt minnesmerke på Lervåg gravplass.

23. juni 1996 var det mykje som skjedde i Austrheim. Vigsling av ny gravplass på Austrheim, overrekking av nye grøne

kyrkjetekstilar gitt av foreininga Kyrkjeprydna, velkomst for ny organist Olav Hugås. Men det var også avskil med Jan Ulveseth. Etter 10 år i som prest her gjekk han over til ei sjukehuspreststilling.

I des. 1996 kom "nyepresten" vår Egon Askvik. Han hadde kone og tre ungdommar med seg. Han var her til i 2008, då tok han til som prest i Leikanger.

31.12.1999 stor beredskap ved overgang til nytt årtusen. Det gjekk overraskande bra

29. juni 2000 glei ein robåt gjennom Austrheim, fleire frå Austrheim rodde sin

etappe frå Feste til Kilstraumen i samband med markeringa av 1000 års markering for kristendommen. Heile roturen gjekk frå Bergen til Selje.

Nov. 2000 var det ordinasjonsgudsteneste; Leni Kaland Mæland vart ordinert til prest. Det var stor fest i gymsalen på Kaland skule.

Misjonsprosjekt i Mali. Austrheim sokn gjekk inn på ein samarbeidsavtale med Det norske misjonsselskap - NMS – tidleg på 2000 talet. Avtalen var at Austrheim sokn ville støtte det arbeidet som NMS driv i Mali i Vest-Afrika. Arbeidet har som målsetting å hjelpe til med å opprette og støtte egne lokale kyrkjer i landet. Soknet tok på seg å sende eit fast kroneløp pr år, dette har hovudsakleg vorte samla inn gjennom faste offerdagar i kyrkja til dette formålet, i tillegg til verksemda til foreiningane.

Austrheim har også hatt to foreiningar knytt til NMS; "Misjonsforeining for NMS" og "Kjerringrokken" som også jobbar inn mot det same prosjektet. Dei siste åra har vi hatt ein felles basar organisert av "Kjerringrokken" og støtta av Soknerådet der inntektene i si heilheit har gått til prosjektet i Mali.

Det å delta inn mot aktivitet i Mali har vore ekstra spennande og nærliggjande for oss i Austrheim, for i denne perioden har fleire lokale folk vore tilsett i NMS og plassert akkurat i Mali.

Kari og Kjetil Vestbøstad var først ute ein lang periode og då dei slutta overtok Frode Brügger Sætre. Samstundes var også Rune Slettbakk m/fam der ei stund.

Frode har vore heime i Noreg siste året, men han er framleis engasjert i jobben i Mali. Han jobbar for tida med oversetjing av bøker og det vert vurdert korleis arbeidet skal halde fram. Pr no er han den einaste tilsette i NMS plassert i Mali, men dei samarbeider med andre både Frikyrkja i Noreg og kyrkjer i Nigeria og Etiopia, dette er kyrkjer med tidlegare utspring frå NMS.

Både Kari, Kjetil og Frode har delteke på samlingar i Austrheim når dei har vore heime og fortalt frå arbeidet dei står i, det har vore mange interessante og tankevekkjande forteljingar. Og oppgjennom ligg det mange glimt i "Kyrkjebakken" med helsingar og forteljingar frå Mali.

Vi følgjer spent med på utviklinga som skjer der, og ønskjer lukke til med arbeidet vidare!

(Eli Aarnes Lerøy)

Helgaljod feira sitt 25 års jubileum. Gamle og noverande Helgaljodingar var samla til konsert med påfølgande fest på Samfunnshuset.

Første Alphakurs i 2000, kurs nr 2 vart annonsert i 2001.

Glimt frå kyrkjelyden 2001



FEBRUAR: Kurset "Bli kjent i kyrkja" vert avslutta og det er stor fest i kyrkjelydshuset



Elise får diplom. Aud Karin Fønnes, Elsa Skare og Aud Risnes gratulerer



MARS: Rockegudsteneste på Kaland i samarbeid med Austrheim Rockeverkstad. I samband med Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon "Brød for verda". Eit samarbeid me håpar på skal bli årvisst. På bildet er kapellan Egon Askvik saman med bandet "Ad Arma"



APRIL: Skulegudsteneste for påske for Kaland og Årås skular – småskuletrinnet. Med palmevandring frå Austrheimkaien, fotvasking i kyrkja (bildet), tekstlesing på kyrkjegarden om krossfestinga og påskejubel ved den tomme grav i kyrkja.

BLI KJENT I KYRKJA KURS. Dei to prestane Egon og Børge ilag med NFU sitt lokallag hadde eit vellukka kurs. Kurset resulterte i samlingane "Gudsteneste for alle".


Austrheim har misjonsprosjekt i Mali. Kari og Ketil er misjonærar der. Denne jula fekk dei besøk av Berit og Sverre Kaland, dei hadde medbrakt pinnekjøtt og Toro kålrotstappe. Strofa frå "Første jul i eit framant land" fekk ei spesiell betydning for gjestane.

I okt 2002: Tre konfirmantar og Egon var på tur til Sør-Afrika. Dei møtte mellom anna Desmond Tutu og var på fangeøya.

Austrheim kyrkje sin kulturpris vert overrakt til Trygve Minde for uttretteleg arbeid for diakonien i kyrkjelyden.

Pasientar på Nordliheimen var inviterte til kyrkja. "Her vart eg konfirmert i 1929" sa Ivar. Håp om at dette vert ein tradisjon
2003: Julenatt i Austrheim.


Jul i Austrheim – Julespelet
I åra 2002 – 2007 var det variantar av "Julenatt i Austrheim". Første året i 2002 var ein sped start med ny stall, krubbe, englar, gjetarar, Josef og Maria med eit levande Jesusbarn. Nesten 850 menneske vart innskripte i manntal ved to gudstenester, og sjøl-



innskrivinga. Det var mange aktørar og det gav meirsmak.

Dei to neste åra var det enkel variant med bruk av stallen og den heilage familien.

Men i 2005 vart det inngått ein samarbeidsavtale mellom soknerådet og Austrheim frilynde ungdomslag om å satse stort på "Julenatt i Austrheim". Det vart meir kostymesjing, kurs med Vestlandske teaterlag, øvingar med og utan kostymer. CD prosjekt og engleproduksjon i barnehagane. Like etter sommarferien i 2005 var det i gang og slik vart det heilt fram til jula endeleg kom. Over 100 aktørar var med, prosjektleiar var Egon prest, budsjettet var på 100.000 kroner. Ei jul og ei tid mange husker med glede. I 2006 var det fullt opplegg igjen, men pga brannsikkerheten var det dette året 3 gudstenester, den siste kl 23.15.



Dugnad kyrkjelydshuset nr 1 2004. Foto frå venstre: Moritz Hopland, Leif Korsøen, Odd-Leif Skår.

2007 var siste året med det store julespelet, men stallen er blitt fast tradisjon i Austrheim kyrkja i jula, i alle desse åra med julespel var det også tradisjonell gudsteneste i Lindåsneset på skulen og seinare i det nye bedehuset på Lervåg. No er det barnehagane og gruppa frå "Gudsteneste for alle" som har glede av julespelet. I tillegg har Jostein Hauge sitt opplegg i barnehagane der dei heilage tre kongane kjem på besøk.

**(Anne Dahle Austrheim/
Bodil Monslaup)**

Uheldige episodar på gravplassane. Sykling, lause hundar og born som leikar utan følgje av vaksne.

Vårrydding på gravplassane. Husk å sortere riktig. Kransar med streng og isopor skal i bossdunkane.

2004. Neptun pensjonistklubb har igjen vore på dugnad på Kyrkjelydshuset. Denne gangen var det eitt av møteromma som vart pussa opp. Fest for dei med smørbrød og kake. Ein triveleg gjeng.

Oppfylgjing av Alpha kursa. Samling for både truande og ikkje truande,

Kristuskransen og Alpha. Austrheim idrettslag vart 60 år. Mange arrangement som vart toppa med konsert med Vassendengutane der 1600 menneska var samla i Austrheimhallen.

Tradisjonen tru var det også Njøtentur i 2007.

Frode Brügger Sætre vart ordinert til misjonsprest i Bergen internasjonale menighet. Frode går inn i arbeidet til NMS i Mali der Austrheim har sitt misjonsprosjekt.

Auskil med kantor Marianne Eriksen, etter ein del år i Austrheim går ho no til kantorstilling i Heddal, Notodden.


Petter Dass kom til Austrheim. Eilif Lotveit og Inge Alver opptredde som prest og

forteljar

Fredagskafe på kyrkjelydshuset Ungdommar, grandiosa, brus, sjokolade, spel, biljard, bordtennis, andakt og quiz. Ja, det er kort oppsummert Fredagskafeen som var fast tradisjon annankvar fredag gjennom ei årrekke på kyrkjelydshuset.

Dørene opna kl 19 og det var viktig at steikeovnen var varm slik at det ikkje vart for lenge å vente på første grandiosaen. Ungdomane var gode hjelparar i kiosken og hadde god kontroll på steiketida og prisar på brus og sjokolade.

Biljardbordet var samlingspunkt og det har vore spelt mange gode kam-



Frode Brügger Sætre ordinert til misjonsprest, KB nr 5 2007



Fredagskafe (nr 3 2006)

par der. I tillegg var det brettspel og tid til ein prat, og kvar kveld var det andakt.

Frode Hopland og Arne Lerøy er nok dei som har vore på flest

Fredagskafear i Austrheim. Dei bar på bruskar, ordna stoler og bord, steikte pizza og vaska opp, og hadde alltid tid til ungdomane som var på kyrkjelydshuset.

(Anne Dahle Austrheim)

2008: Årleg medarbeiderfest. "Den som vort sett – funklar" var bodskapet Helge

Hitland gav dei 70 frammmøtte. Gåta om forsvunne gravlys frå gravene. Utruleg, men sant det er kråka som er syndaren.

Også i år har mellomtrinnet på Årås skule solidaritetsprosjekt for THK i Ukraina.

Medhjelpar i kyrkja gjennom 22 år Øystein Vikane takkar for seg. Dette er ei frivillig og uløna teneste.

"Dajen dar folk møtes" Fønnesdagen

2008. Yrande liv på kaien. Nærare 800 frammmøtte. Gamle båtar, gamal buss, Eliabåt med timelang kø for dei små. Sal av mat og smaksprøvar.

Brev frå fam. Vestbøstad i Mali

Gruppa frå "Gudsteneste for alle" besøkte Egon i Leikanger

Kulturdagane 2008. Avslutningskonsert i kyrkja med Rune Larsen.

2009: Bilete på framsida nr. 07/09. Slik såg det ut før vi fekk parkeringsplass og hovudveggen vart omlagd.

"Detta var kjekt" sa Fedjingane i mannskoret og deira følgje då dei kom til Austrheim og var med på Syng deg glad

Temakveld. Arr. Kjerringrokken. Kari Kaland Vestbøstad snakka om problematikken i Mali kring omskjering av jentene heilt ned i småbarnsalder.

Barnetime. Dåpsnemnda arrangerte ei samling der tanken var at familiane skulle få ei påminning og hjelp til å halda dåpslounaden etter at barna er døpt.

Brev frå Frode i Mali.

Friluftsgudsteneste i Øksneset. I lag med speidarane vart det arr. Gudsteneste, leik, moro og grilling og tid til god prat

Etter eitt år med vikarprestar kom Magne Bjørndal som ny prest i Austrheim. Han kom frå teneste i Rindal, opprinneleg er Magne frå Osterøy. Han var i Austrheim til 2013, då tok han til som seniorprest i Nordhordland.

"Kanskje kommer kongen" – det var ikkje noko kanskje. Kongen og dronninga kom til Fønneskaien. Etter besøk på Radøy kom dei attende til stor fest med fullsett Mongstadhall. Her var findressen og bunadane funne fram.

Lys Vaken for 11 åringane også i 2009.



Kyrkja med veggen før den vart lagt om og parkeringsplassen kom (2009)

Foto: Breidvik Eigedom.



Gudsteneste for alle i 2009, palmesøndagstema.
På bildet: Helga Korsøen og Kari Korsøen (bak). Foto: Britt Rebnord.

2010/2011: Diamantar eller gråstein. Ei skål med gråstein står på altaret i kyrkja fortida. Dei symboliserar konfirmantane. Steinane er grå og kalde, men tek du dei opp i handa opplever du at steinen vert varm og du ser at den glitrar.

Fotoutstilling – Bygda som vart borte. Minner frå Mongstad før industrien kom. Den store sjømannsprisen vart tildelt Neptun pensjonistklubb.

Takk til Ann Jorunn Hopen. Ho har vore organist i Austrheim i ca 2 år. Ho tek no til som freelanser og pianolærer. Kjem nok igjen på vikaroppdrag innimellom.

Jostein Hauge kjem som ny organist i Austrheim, han har vore mykje brukt som vikar før, så han er kjent for oss.

Ungdomsklubben ved Heidi og Anita arrangerar haustaktivitetar i haust og juleferien.

Lys vaken også i 2010. Å sove i kyrkja er spanande.

Austrheim kommune er 100 år. Jubileumsåret vart opna med markering i kyrkja. Langbord i midtgangen der det var 3 store marsipankaker. Soknerådet hadde jubileumsutstilling av kyrkjeklede. Avslutningskonsert med Marianne Juvik Sæbo.

Årås skule markerar også i år THK aksjon.

SKRUK til Austrheim.

2012: Etter at kyrkjevindaug vart skifta i 2009 og fekk farga glas synest foreininga Kyrkjeprydna at glaset over hovuddøra også måtte fornyast. Og har dei damene tenkt og fått løyve til det så vert det gjort.

Bispevisitas i Austrheim, Fedje og Radøy. Biskop Halvor Norhaug hadde tettprogram. Skulebesøk, sjukeheim, konfirmantsamvær, songkveld og gudsteneste med påfølgande festsamvær på Radøy.

Store ting skjer ved kyrkja. Etter ein plan heilt tilbake frå 1995/96 er det no endeleg blitt parkering ved kyrkja i Austrheim. Så no er det komen ny parkeringsplass vert folk oppfordra til ikkje å parkere langs riksvegen». Dette kan utløyse bot. Tidlegare gjekk vegen rett forbi kyrkjegardsmuren, no er den lagt om og vi har fått parkeringsplass og grøntareal imellom vegen og gråsteinsmuren.

Kyrkjetaket er også spylt reint for mose og skit. Vi har ei kyrkje i kommunen og den må vi klare å halde fin så langt økonomi og kapasitet tillet det skriv kyrkjevevja.

Barnetimetur til Hoplandskvernene

Minnestøtte for dei som ikkje fekk ei grav. Endeleg, etter lang planlegging vart minnestøtta på Austrheim gravplass avduka 1. pinsedag 2012.

VIGSLING / INNVIELSE AV DEN NYE GRAVPLASSEN PÅ LERVÅGSLEITET

Laurdag 26. januar, i eit kaldt vintervær vart den nye delen av Lervågsleite gravplass vigsla.

Prost Geir Sørebo, sokneprestane Magne Bjørndal og Harald Sundsbø stod for seremonien.

Ei gruppe på rundt 25 personar var møtt fram, etter vigslinga var det eit enkelt samvær inne i bedehuset.

Gravplassen har kosta rundt 7 mill., og det er plass til 368 nye graver, i denne prisen ligg også arbeid med den gamle delen lengst nord på gravplassen, ny parkeringsplass og veg rundt gravplassen. Det som no manglar er eit redskapshus og asfalt på parkeringsområdet.



Frå vigslingsseremonien



Prosten måtte prøva bowlingen i bedehuskjellaren.

Vigsling av ny del Lervågsleitet gravplass. KB nr 2 2013.

Samarbeid mellom Soknerådet, Neptun pensjonistforening og kommunen.

Kulturprisen 2012 gjekk til Øystein Vikane for hans utrettelege arbeid med idrett, musikk og kyrkjelege aktivitetar.

Ole Paus besøkte Austrheim under kulturdagane. Konsert i kyrkja med framføring av mange av sine viser, men også mange seriøse songar.

2013/2014: *Vigsling av den nye gravplassen på Lervågsleitet. Prost Geir Sørebo stod for vigslinga ilag med Harald Sundsbø og Magne Bjørndal. 25 personar var møtt fram på denne kalde januarlaurdagen. Utvidinga er på 368 graver.*

Misjonsdag og misjonsfest. Malimisjonæren Frode fortalde om arbeidet, Frode Bakke frå NMS viste fotoserie frå arbeidet på Madagaskar.

Etter å ha arbeid i soknet sidan 1992 takkar Anne for seg. Jostein Hauge som no er organist tek over konfirmantarbeidet og anna kyrkjelydsarbeid blant borna.

"Ei kyrkje for alle" hadde tur til Lyngheisenteret. Der var det gudsteneste etter kjent opplegg, det var grillmeny og god stemning.



Anne Dahle Austrheim sluttar i tenesta.



Velkomst for Per Børge Hillestad (KB nr 9 2014).

Velkomst for nye presten Per Børge Hillestad. Han kom frå teneste i Undheim på Jæren. Vart innsett på Helgemessegudstenesta. Han var her i 4 år og reiste herifrå til teneste i Sokndal i Rogaland.

2015 Kyrkja 150 år. Kyrkjebakken hadde mykje godt stoff om jubileet i kvart nummer dette året. I KB nr 2/2015 hadde ein presentasjon av kyrkjeinventaret. Den gamle dåpskummen i kleberstein har stått i den opprinnelege staukyrkja og stammar truleg frå 1100 talet. Den såkalla «gamle altartavla» har hengt fleire stader i kyrkja og heng no på den nordre langveggen.



**Bilete av kyrkjeinteriør
150 år jubileet (KB nr 2/2015)**



**Jubileumsgudstenesta –
150 års jubileet (nr 4/2015)**

1. påskedag med stor fest i Samfunnshuset etterpå. Biskop Halvor Nordhaug hadde jubileumspreika og sokneprest Per Børge Hillestad var liturg. Det var 2 dåp denne dagen og dåpshandlinga vil nok desse to familiane hugsa godt i etterkant. Fleire av dei tidlegare prestane var til stades denne dagen. KB hadde heile dette året presentasjon av noverande og tidlegare arbeid i kyrkjelyden.

Som avslutning på pyjamasfesten for 3 åringane, som er ein del av trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden, vart dei nye flomlysa tende. Dette var kommunen si jubileumsgåve til kyrkja.



Eg vil gjerne nytta høve til å senda ei helsing til Austrheim kyrkjelyd no på tampen av jubileumsåret for Austrheim kyrkje. Det var vanskeleg for meg å koma påskedag og eg fekk difor ikkje vera med på sjølv feiringa.

Men eg har mange gode minne frå Austrheim. Når eg tenkjer på kyrkjelyden ser eg så mange ansikt, frå så mange samanhengar. Dei eg fekk arbeida saman med, både av tilsette og frivillige, alle dei fantastiske konfirmantane, skulane og barnehagane, sjukeheimen. Samla til gudsteneste og til kyrkjelege handlingar i den vakre Austrheimkyrkja.

Eg må sjølvsagt trekkja fram "Gudsteneste for alle". Mange spurte om ikkje alle gudstenester var for alle. Det er ÷iverre ikkje alle som føler det slik. Men desse gudstenestene var for alle. Ei ekstra helsing til denne gjengen. Vil også senda tankar til alle som har fått sorga i hus og som kvir seg til jul og til alle som slit med sjukdom. Det kan hende at ei strime av lys kan pressa seg inn i det djupaste mørker.

Kom, vesle barn til meg,
eg lengtar etter deg.
Kom, du som sorg kan linna,
stig inn om her er smått.
Lat meg deg sjå og finna,
då får eg det såg godt

beste helsing "gamleprersten"

Egon Askvik
easkv@online.no



Helsing frå Egon – 150 års jubileet (nr 9/2015)

I siste nummer av Kyrkjebakken (nr 9/2015) hadde tidlegare prest Egon Askvik ei helsing til kyrkjelyden.

Om lag 1 år seinare gjekk ÷iverre Egon bort, så alt for tidleg.

Alle nummera av Kyrkjebakken frå og med nr 1/2015 er no digitalisert og kan finnast igjen på kyrkja si heimeside (www.austrheimkyrkja.no) Alle nye utgåver vert fortlopande lagt ut her.

2016: Vellukka Lys Vaken arrangement for 11 åringar.

Konsert til inntekt for THK sitt arbeid i Ukraina. Då kyrkjuverje Bodil Monslau slutta i jobben etter 32 år ynskte ho å gje ei hjelp til "hjartearbeidet" sitt. Det vart eit bidrag på kr. 21.000 til å gjennomføre leir for fattige born i Korosteen, Tjernobylregionen. Inspirasjonssamling for alle frivillige. Tre personar vart heidra

for trufast teneste, Britt Rebnord for 20 år fartstid i Diakoninemma. Aud Risnes som trufast klokkegjennom mange år og Svein Tomas Villanger for å ha redigert KB i mange år.

2017: Presentasjon av tilsette. Kyrkjegardsarbeidar Stein Olav Jordal har vore tilsett i 2 år. Håpar han vert lenge i Austrheim, han skiftar ikkje jobb så ofte, då han kom frå 40 års fartstid

hos Høyland Auto.

"Den flygande hollender" Wilco Vogelaar, er tilsett som trusopplærer i Austrheim, Fedje og Radøy. Han skal ilag med dei andre tilsette drive med noverande og nytt barne og ungdomsarbeid. Lønsmidlar via bispedømet og soknet sine egne midlar.



Kyrkjuverje Bodil Monslau sluttar i jobben etter over 30 år i kyrkja her i Austrheim si teneste. Dette ynskjer soknerådet å markera, og etter Bodil sitt ynskje vert det ein konsert der inntekta går til Tro, Håp og Kjærlighet (THK).

Dette er ein organisasjon som driv eit omfattande hjelpearbeid i Ukraina, og dette er blitt eit hjartebarn for Bodil.



På konserten vert det lokale krefter som tek del, og det vil verta mogleg for oss alle å syngja med.

Alle opptre gratis slik at inntektene skal gå til THK og deira arbeid.



Auslutningskonsert for Bodil Monslau (KB nr 4/2016)



Ordinasjon for Tone Marit Håland Dyrkolbotn (KB nr 7/2017)

Leif Arne Økland har no vore kyrkjevevjerje i Austrheim sidan 1. aug 2016. Han kom frå arbeid hos NAV, men før det var han 16 år i Bjørguin bispedøme der han bygde opp for tilrettelagd samarbeid mellom kyrkja og menneske med funksjonshemming. Han var tidlegare sosialeiar i Austrheim kommune på 90 talet.

Tårnagenter for første gang i Austrheim. Andreklassingane var invitert og med var trubaduren Tore Tommassen og vår eigen Wilco Vogelaar.

Presentasjon av ny konfirmantarbeider Mia Krüger Etokebe. Ho har alt vore i jobben i eitt år, med ansvar for Austrheim og Fedje konfirmantane.

Nytt tilbod. Babylunsj i kyrkjelydssalen. Måndagar frå 11-12.30. Sosialt samvær med leik og musikk.

Kyrkja har fått nye benkeputer. Det har lenge vore puter i benkane i kyrkja, men dei har etter kvart blitt både smussete og sletne. Atter eingong dekkja Kyrkjeprydna kostnadane på kr 90.000.

25. juni vart Tone Marit Håland Dyrkolbotn ordinert til prest i si barndomskyrkje. Ho gjekk inn i teneste som sokneprest i Masfjorden.

"Syng deg glad kveld" igjen. I 11 år og 4 gonger i året har folk samlast i kyrkja for å syngje og høyre kjende og ukjende songar. Fine kveldar med gode forsongarar. Dei ansvarlege for tiltaket ønskte

likevel å gje seg. Ein stor takk til gruppa som har bidratt mykje.

Nye toalett og vaskerom/
handikaptaolett på Kyrkjelydshuset.
Toaletta frå 1950 talet er vekke og dei nye er lyse, fine og funksjonelle.

2018: Temakveld. Nytt av året – den første kvelden denne gang har tema: "Å bli sett – ein vandring gjennom salme 23.

Takk frå barnehagane for besøk av tre vise menn for jul.

NFU i Austrheim er 40 år. Ordførar overrakte gåve, Jostein Hauge stod for musikk og kvelden vart avslutta med den kjende songen "Har du fyr".

Påminning til pårørande om at grauminna er privat eigedom, og om noko skal rettast opp i er dette ein kostnad festarane må ta.



Grofteprosjektet Austrheim gravplass (KB nr 2 – 2019)

Døgnleir på Rongevær. Born mellom 7-10 år var invitert på døgnleir. I lag med NMS sine barne- og ungdomsarbeidarar var mange frivillige frå Austrheim travelt opptekne. Eit trusopplæringstiltak som har truffe godt.

Diakonifesten. I år var gamlepresten Jan Ulveseth med. Som vanleg var menyen rømmegraut, og musikaren Kurt Hatten var også der. . 99 årige Ingebjørg var som vanleg med.

Kulturminnevandring på Austrheim. Frå kyrkja og ned mot Austrheimkaien var det i tidlegare tider eit yrande liv. Her fann du stort sett det du trengte. Butikk, bakeri, meieri, postkontor, telefonsentral, ungdomshus, kafe og pensjonat.

2019: Austrheim har fått seniorkor. Tidlegare korsongarar og nokon nye som likar å syngje har samla seg til nytt kor. Felles for dei alle er songgleda. Øving på dagtid og med tid til god prat i kaffipausen.

"Gamal kjenning". Som vikar i Austrheim kjem Harald Sundsbø, han skal vere her til det kjem ny prest. Han kjenner Austrheimingane og vi kjenner han, trygt og godt.

Bilete frå grofteprosjekt på Austrheim gravplass. Som kjent har det vore fleire blaute parti i overflata på Austrheim gravplass. Overflategrofting vil gjera denne situasjonen betre.



Innsetjing av Rune Minde som ny sokneprest (KB 6 -2019)

Diakonifest på Nordliheimen. Den tradisjonelle festen vart gjennomført etter kjent program. Andakt av presten, song og musikk som vanleg med Birger og Finn. Gode smørbrød, kaffi og lefser.

Kyrkjevevja informerer om kvi for ein ikkje alltid kan få nytte gamal grav til ny gravlegging.

Ny prest på plass. Rune Minde vert vår nye prest. Etter 12 år som fengselsprest hadde han ynskje om vanleg presteteneste igjen. Å få avslutta prestegjeringa i si heimekyrkje passa fint. Fullsett kyrkje og påfølgjande velkomstfest i kyrkjelydshuset.

130 personar var med på fredsmarkeringa på Selsøy i år.

Soknerådet har vedteke å refundera kremasjonsavgifta for dei som ynskjer å nytta kremasjon framfor kistegravlegging.

Mia Krüger Etokebe slutta som trusopplærar og konfirmantansvarleg. Amelie Knieriem overtek.

Kyrkjeprydning 30 år. Det er ei lang liste over kva dei har gitt til kyrkja og kyrkjelydshuset. Opp gjennom åra har dei bidratt med over 600 000 kroner i gåver. Av dette kan vi nemna altarduk, messehaklar, brurestolar, benkeputer med meir.



Kyrkjeprydning 30 år
28.sept 2019 – (KB 7 -2019)

Personalnytt. Evy Beate Uthaug er utleigd frå Fedje i 20 % stilling for å driva med oppfølging av festeavtalar.

Kyrkjevevje Leif Arne Økland vert samstundes utleigd til Fedje som kyrkjevevje i 20 % av stillinga si.

Fedjedagen. Dette er ein bli kjent dag for konfirmantane.

Det vart hausten 2019 oppdaga ein vesentleg svikt i kyrkja sine berekonstruksjonar. Multiconsult vart engasjert for å planleggja og leia arbeidet og Markus entrepenør fekk oppgåva med å utføra arbeidet. Ein planla for stenging av kyrkja frå nyttår til påske i 2020.



Utbetningsprosjektet i kyrkja (KB nr 2 – 2020)

2020: Kyrkja stengt under utbetningsarbeidet. Kyrkjebakken følgde utviklinga av arbeidet i fleire nummer. Golvet måtte skjærast opp rundt 4 av

bæresøylene, nytt fundament støypast og 4 nye bæresøylar opp. På loftet vart det lagt 2 langsgående stålbjelkar som med boltar vart tvinga saman med bærebjelkane i kyrkja. Med det same ein var i gang fekk ein reparert taket over koret og ordna med nedløpa frå det same taket. Og medan stillaset vart oppe, så vart ytterveggane til korpartiet malt. Intervju med Svein Tomas Villanger, som sidan 2012 og inntil no har redigert Kyrkjebakken.

Den verdskjende arkitekten Todd Saunders har laga ei skisse til eit nytt forsamlingshus ved kyrkja, som vart presentert i KB nr 3/2020.

Så velta koronaepidemien over oss og alt vart stengt ned, bortsett frå våre digitale plattformer og Kyrkjebakken. Konfirmasjonane vart utsett til siste søndagen i august. Tilbakeblikk på koronaåret med smittevern og restrisiksjonar stod det å lesa om i oktoberutgåva.

2021: I nr 1/2021 skreiv vi om julegudstenesta, som dette året vart arrangert ute. Utbygget under inngangspartiet til kyrkjelydshuset fungerte som alterparti og forsamlinga stod godt påkledd ute på skuleplassen med faklar i hendene.

Neptun seniorklubb feira 40 års jubileum.

Årets konfirmasjonar vart på nytt utsett til siste søndag i august.

Både Austrheim kommune og Leirvåg bedehus presenterte sine tilbod for barn og unge.



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik



BoschCarService.no

For everything your car needs.



BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Tysdag 10-15
Onsdag 14-19
Fredag 10-15

FONNES FILIAL OPNAR FOR PUBLIKUM FRÅ OG MED TORSDAG 26. AUGUST.

Filialen vil vera open for publikum torsdagar
14 - 16.30.

Fonnes filial sine opningstider følgjer elles skuleruta, og vil vera stengt i skulen sine feriar.

Følg med på Facebook eller plakat for eventuelle endringar grunna smittevern



God bok

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgnet.
Legevakt 116117

Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 15.00.

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Års helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

INTERJU U/HELGE

I samband med utgjevinga av jubileumsnummeret til Kyrkjebakken har vi laga nokre korte interju med lesarar av bladet og ein av dei faste annonsørane våre.



Toril L Hordvik

Toril er rask med å koma med svar og synes det er stas å få bladet i posten

«Eg hugsar kyrkjebakken frå eg var liten, var stas at bygda hadde eit eige blad! Det er nesten like stas å få den i postkassen no og, blir lest kvar gong:» Slik er det vel for mange andre og. Bladet vart lest i heimen når ein var liten, og det vert lest no.

«Eg håper at KB vil bestå, at det er folk som er villige til å oppretthalde arbeidet som blir gjort! Så kanskje me kan feira 100 år og seier Toril

Kva betydning tenker du KB har i eit lokalsamfunn som Austrheim?

Eg trur det betyr mykje! Det er ein kjekk plass å annonsere arrangement og sende helsingar.



Også er det fint å lese om kva som skjer i kyrkja både i forkant, men og etter eit arrangement.

Kva les du oftast i KB?

Eg les heile! Men er kjekt å lese om kva som har skjedd i kyrkja. Også er det fint at det står om både gravferder og dåp! Kjekt å kunne følge med konfirmantane gjennom kyrkjebakken!

Tusen takk for praten Toril

Knuter Catering

Knuter Catering er ein av dei viktige annonsørane som gjer at Kyrkjebakken kan halda det gåande år etter år. Nokre annonsørar er nye, medan andre har vore med i mange år. Alle er like viktige og det er kjekt at lokale bedrifter nyttar KB til å marknadsføre seg.

Kvifor velde de å annonsere i Kyrkjebakken? -Det er fordi den går ut til alle i Austrheim, og treff kanskje spesielt den litt eldre befolkningen

Knut Owe og Bente tenkjer at Kyrkjebakken kanskje bør bli meir innovativ og søke etter å nå ut til også ungdommen.



Knüter
CATERING

Kor lenge har de annonsert i bladet?

Vi har annonsert sidan vi starta opp Knuter Catering for ca. 8 år siden

Vi som arbeider med Kyrkjebakken håper det er fleire som vil gjera som Knuter Catering og annonsere i bladet vårt. Samtidig som annonsøren får marknadsføre seg, sikrar det inntekt til vidare drift av bladet.

Britt Ystebø

Kva tenkjer du om Kyrkjebakken?

- Den nye utgåva er tiltalende og fristar å lese, veldig kjekt å få den i posten mellom all reklame. Eg les alltid Kyrkjebakken, om ikkje alt alltid.

På spørsmål om KB har ei framtid har Britt eit håp om at me kan ha bladet også i framtida. -Det er ikkje mange blade som kjem i denne form og farge, seier ho

-Eg har ei oppfatning om at både ung og gamal les eller blar igjennom bladet. Saker blir av og til kommentert på pausen i barnehagen. Det er helst bilete av barn eller 50 års konfirmantar, men og døypte og døde. (Me blir eldre me og er opptatt av dette), seier Britt



Sjølvsagt les eg om dei som er døypte og døde og, i tillegg er det kjekt med takke helsingar i ulike anledningar. Ekstra kjekt med ros og oppmuntring til personar som har gjort ei god gjerning. Det gjeld vel i kommunen som i barnehagen, det me gjev merksemd får me meir av.

Min salme og er eit fint innslag som eg les, leg Britt Ystebø til

Herdis og Audun Gjerde

Kva tenkjer de om å få Kyrkjebakken dumpande ned i postkassen?

Det er flott at Kyrkjebakken kjem i postkassen og den er alltid velkommen når han kjem. Den vert lesen frå perm til perm!

Eit spørsmål ein kan stille seg i desse digitale tider er om KB har livets rett i framtida. Kva tenkjer de om det? **Me trur Kyrkjebakken vert viktig i mange år framover. Det er ikkje alle som er aktive på sosiale medier, og då misser dei mykje informasjon om kva som skal skje og informasjon om ting som har skjedd i bygda vår. Ein del av det får me i Kyrkjebakken, seier Herdis og Audun.**

Ein kan kanskje sei at Kyrkjebakken er ein ekstra plakatvegg og er ein flott mulighet, legg dei til.

Audun og Herdis fortel at dei kanskje les annonsane om kva som skjer i Austrheim først, og så andaktane og andre innlegg.

Har de innspel til noko Kyrkjebakken burde skrive om? -

Det var kjekt å lese om lag og organisasjonar som presenterte seg i bladet, kan gjerne sjå frå fleire lag/grupper. Hadde og vore kjekt å sjå frå fleire vaksne lag/grupper også. Tenkjer det er greitt for nyinnflyttarar i kommunen vår å få sjå kva som rører seg her, og kanskje ikkje alle austrheimingar er klar over det heller.

Til slutt legg dei til at dei vil rette ei takk til alle frivillige som har vore med i Kyrkjebakken gjennom desse 50 åra!!!

ANNONSAR I KYRKJEBAKKEN FUNGERER BETRE ENN FINN.NO

Opp gjennom alle desse åra er det mange artige annonsar, etterlysningar og andre innslag som har stått i Kyrkjebakken. Det er fleire døme på at annonsar i Kyrkjebakken har gitt uttelling her og ingen andre stader.

Då kyrkjevevja i 2019 ville selja den gamle rideren vår (plentraktor), som var blitt ganske sliten og svært så godt brukt, så gjekk det mindre enn 1 time etter at Kyrkjebakken låg i postkassane før doningen var selt.

HER KJEM EIT KNIPPE AV ANNONSAR OG ANDRE INNSMETT OPP GJENNOM ÅRA:

Gløymt i kyrkja og kyrkjelydshuset: 1 svart paraply m/trehandtak, 1 svart herreparaply med plasthandtak, kvite hanskar med brun kant, 1 barne-polhanske, 1 raud Norheim hue, Sjal: svart, lilla, blått, 1 fleecегenser/Nirvana str. 16 år, eit par seilerstøular str. 45, 3 stk. øredobbar og ein barnering.

Flott brun tigerstripet katt forsvunne frå Solesjøen i oktober.

Har du servise i skapet som du har "lånt" på Kyrkjelydshuset?

To elevar vil gjerne ha tak i ein defekt, gjerne gamal moped for ein billig penge. Skal ha den til mekking i valfagtimane på skulen.

Pent brukt damesyssel med 5 gir og bukkestyre til salgs.

Rockeklubben treng "brukte" skumgummimadrasser til lydisolering.

Ynskjer å kjøpa brukt fiolin.

Ribbeveggar til salgs på Austrheim skule. Gje bod skriftleg eller på tlf. (kom opp i kr. 500)

Feil kåpa !!! den 13. mai på Samfunnshuset tok nokon feil kåpa. Eg har etterlyst i KB og har venta i snart ein mnd, på at nokon ville koma att med ho, håpa dei såg at det var feil, beklageleg ikkje ein lyd. Sjå etter !!!!

Ein barnesko funne på kyrkjetrappa. Mørkeblå str. 19.

Ser du dårlig? Dersom du leiter etter brillene dine så kan det vera dei som ligg i ekspedisjonen på Kommunehuset.

Har du mista Bibelen din? Ein Bibel er funne i vegen til Austrheim båthavn. Den er svart med nedfelt kors på. Svakt merka med "Doffen og på bakre ark står D... E... G..... Bibelen kan du få attende på Kyrkjelydskontoret.

Fint utstoppa hjortehovud til sals. Utstoppa i 9l. Pris kr. 3000-

Frys du? Då heng kanskje nokon av klærne dine på Austrheim skule. Ein rød dunjakke, ein mønstra grøn gensar, ein kvit jakke med blomstra för, fire sjal av alle typar. Stikk innom Kyrkjelydskontoret om noko er ditt.

Dvergkanin m/innebur til salgs.

Ein eller annan har ved eit misstak tatt feil herrehua på 17. mai festen på bedehuset i år. Vedkommande som ikkje fann att hua si vil gjerne ha den att. <det ligg ei ledig på bedehuset og ventar på rette huvudet. Har du opplysingar om denne hua så sei frå til ein i red.staben til KB så skal vi formidle kontakt.

Vi er to skjonne hvalpar som er sort og hvit. Er det noen som vil ha oss så skynd dere. Våre dagar er talde her vi er.

I haust er det ein del born/unge som har halde på med å sykla på grusgangane inne på kyrkjegarden ved kyrkja. Vonar de som driv med dette med nærare ettertanke vil forstå at dette gjer vi ikkje. Vi syklar ikkje på kyrkjegarden – med denne oppmodinga vonar vi syklinga tek slutt.

Har du mista/forlagt brillene dine? På postkontoret på Austrheim har det ei tid lagt fleire briller. Så dersom du saknar brillene dine – **prøv der!**

Campingvogn. Registrert vogn Bjølseth 420 LUX – 78 mod til sals. Vogna er fint holdt og er no plassert i Austrheim. Er du interessert så kontakt eigar. (den var avertert til salgs både i BT og Os og Furaposten, men først då den kom i KB vart den seld)

Attgløymd på legekantoret. Ein kvit dame-sommerjakke med emalje nål. **EIN** kvit herresko. Kven saknar dette?

HJELP VI FRYS Har nokon ein gammel elektrisk omn å gi bort? Alt av interesse. (skuleelevar AVS)

TIL DEN FREKKE TYVEN. Du som stal to kvite plaststolar, håpar du sit godt! Set dei tilbake på trappa der du tok dei.

MELDINGSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN
REDAKSJONSMENN Reidar Andvik, Bjarne Nord-ard
Paul Råkil, Per Einar Sønnesyn.
Nr. 1. 1971. 1. årgang.

KYRKJEBAKKEN
Meldingsblad for Austrheim sokn 1971 - 17. SEPTEMBER 1978

KB **KYRKJEBAKKEN**
MELDINGSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN
FREDAG 27. MAI
NR 10 1983 13. ARG.



KYRKJEBAKKEN
MELDINGSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN
Nr. 7 - 2009. Fredag 01. oktober 38. årgang.
Neste nr. av KB kjem ut 12. november.
Stoffrist er 28. oktober kl. 18.00

50 års
Jubileum

